

Dette dokumentet inneheld redaksjonskomiteens endelege innstilling.

Redaksjonskomiteen har tatt utgangspunkt i sin foreløpige innstilling. For at samanlikning mellom foreløpig og endeleg innstilling skal vere så ryddig som mogleg har redaksjonskomiteen brukt same dokument, med dei same linjenumra.

Alle endringar er lista opp i eigen tabell (sjå eige dokument) og det er markert med gult i teksten. Tabellen viser både endringar basert på innsende forslag i skjema og innspel redaksjonskomiteen har fått direkte frå delegatar.

Redaksjonskomiteen har ikkje språkvaska dokumentet, og ber om fullmakt til å gjere dette etter at årsmøtet har vedteke dei politiske forslaga.

Redaksjonskomiteens innstilling:

Forslag redaksjonskomiteen foreslår å vedta utan endringar (nedst i dokumentet):

12, 44, 56, 81, 99, 205

Forslag redaksjonskomiteen meiner er helt eller delvis ivaretatt:

4, 6, 7, 9, 10, 11, 13, 14, 15, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33, 35, 36, 37, 39, 40, 42, 43, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 51, 52, 53, 54, 55, 57, 58, 59, 61, 62, 63, 64, 65, 66, 67, 68, 69, 70, 71, 73, 74, 76, 77, 78, 79, 80, 83, 84, 85, 86, 87, 88, 89, 90, 91, 93, 94, 95, 96, 97, 98, 101, 102, 103, 104, 105, 106, 107, 108, 109, 110, 111, 112, 114, 115, 116, 117, 118, 120, 121, 122, 123, 124, 125, 126, 127, 128, 130, 131, 132, 133, 134, 135, 136, 137, 138, 139, 140, 141, 142, 143, 144, 147, 148, 149, 150, 151, 152, 153, 154, 155, 156, 157, 158, 160, 161, 164, 165, 166, 168, 169, 170, 174, 175, 178, 181, 182, 183, 184, 185, 186, 187, 188, 189, 190, 191, 195, 196, 197, 200, 201, 202, 203, 206, 208, 209, 210, 211, 212, 213, 214, 216, 217, 219, 220, 221

Forslag redaksjonskomiteen innstiller på å avvise:

34, 38, 41, 92, 100, 119, 176, 207

Forslag redaksjonskomiteen vil oversende stortingsgruppa:

2, 5, 8, 113, 75 (+relevante departement), 82 (+relevante departement)

Forslag redaksjonskomiteen vil oversende fylkestingsgruppa:

215

For ordens skyld opplyser vi om at følgande forslag ikkje er foreslått oversendt redaksjonskomiteen:

1, 3, 16, 60, 72, 129, 145, 146, 159, 162, 163, 167, 171, 172, 173, 177, 179, 180, 192, 193, 194, 198, 199, 202, 204, 218, 222,

Innhald

U1 - Arbeidslivspolitik	3
U2 - Bustadpolitikk	5
U3 - Digitalisering for alle	6
U4 - En rettferdig asyl- og flyktningpolitikk	7
U5 - Energipolitikk	8
U6 - Forsvar og beredskap	12
U7 - Helsepolitisk uttale	14
U8 - Idrett og kultur	19
U9 – Internasjonal uttale: Handling for solidaritet og internasjonal rett	21
U10 - Justis	24
U11 - Klima og natur	25
U12 - Kommunal og distrikt	28
U13 - Næringsliv	30
U14 - Oppvekst	34
U15 - Samferdsel og infrastruktur	36
U16 - Skatt og avgift	40
U17 - Skulepolitikk, høgare utdanning og forskning	42
U18 – Vald i nære relasjonar	46
Generelle forslag	47

1 U1 - Arbeidslivspolitik

2 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 4, 6, 7, 9, 10, 11, 13, 14, 15 og 160

3 Vestland Arbeidarparti er opptekne av eit arbeidsliv utan forskjellar som varetek dei
4 tilsette og bidreg til betre helse. Det er særst viktig at arbeidslivet er ein likestilt plass som
5 ikkje gjer forskjell på folk. I tida som kjem er det behov for å få fleire folk i arbeid. Men
6 dette fører til at det blir eit større behov for tilrettelegging i arbeidslivet. Skal vi få fleire
7 med tilretteleggingsbehov inn i arbeidslivet, må vi tole eit høgare sjukefråvær. Det er
8 mykje restarbeidsevne vi ikkje brukar fordi mange ikkje ser nytta eller ikkje tør ta risikoen
9 som arbeidsgjevar.

10 Arbeidarpartiet er opptekne av at ein tek sjukefråvær på alvor. Det var bekymringsfullt
11 då partane i IA-avtalen først ikkje klarte å bli einige. Derfor er vi glad for at ein til slutt
12 kom til semje utan at det går på kostnad av dei svakaste i samfunnet. Det historiske
13 sjukefråværet er stabilt. Det er ikkje noko særskilt høgt no. Kvar gong det er snakk om
14 intensiv for å få ned sjukefråværet, spesielt frå høgresida, så skal det vere i form av å
15 svekke rettar, eller at det må vere ei form for negativ konsekvens når ein blir sjuk.
16 Vestland Arbeidarparti tek avstand frå slikt tankegodt. Det er ingen som har fått ei betre
17 helse av dårlegare kår. Tvert imot veit vi at folk blir dårlegare av svakare økonomi. Det er
18 på høg tid at ein startar med å sjå på kvifor folk blir sjuke på jobb. Arbeidsmiljølova
19 stadfester at arbeid skal vere helsefremmande. Vi må starte i rett ende og sørge for at
20 lovas strenge tilretteleggingskrav blir følgt og at ein er opptekne av kva som held folk i
21 arbeid og unngår at vi blir sjuke av jobb.

22 Dersom vi skal lukkast med integrering- og inkluderingsiltak, samt ta i bruk den
23 restarbeidsevna som finst i samfunnet, må dei lokale NAV-kontora vere eit nav i
24 arbeidet. Det må også jobbast med å få saksbehandlingstida ned Vi må sørge for at NAV
25 har tilstrekkeleg med ressursar og solide fagmiljø i alle ledd av organisasjonen. Små
26 kommunar står i fare for å miste statlege tilsette på dei lokale NAV-kontora. I 2016 falt
27 minstekontorgarantien i NAV bort. Fram til då var det gitt ein garanti frå staten på at ingen
28 kontor skulle ha færre enn tre statlege tilsette. No vil NAV i størst mogleg grad inngå
29 vertskommunesamarbeid, der nedlegging av statlege arbeidsplassar på lokale kontor er
30 ein av konsekvensane. Kjennskap til både personar og bedrifter i nærmiljøet er i
31 vesentleg faktor i det å lukkast i dette arbeidet.

32 Skal Noreg få fleire i arbeid, må vi mobilisera alle gode krefter og bruke
33 inkluderingskompetansen som finst i heile landet. Varig tilrettelagte arbeidsplassar
34 (VTA) og/eller Arbeidsførebuande trening (AFT) er tiltak som hjelper mange i arbeid.
35 Kommunar og fylkeskommunar varierer i for stor grad kor flink dei er til å bruke slike
36 moglegheiter. Vestland Arbeidarparti er skeptisk til at denne delen av arbeidslivet blir
37 satt ut på anbod. Det er behov for å styrke ordninga slik at unge menneske som har
38 spesielle utfordringar kan bidra i arbeidslivet.

39 Mange opplever i dag at arbeidsplassen ikkje er tilpassa ulike behov. På nokre
40 arbeidsplassar der ei gruppe er i minoritet, får arbeidstakarar mindre prioritet i forhold til
41 for eksempel garderobar og liknande fasilitetar. I Noreg skal ein vere likeverdige. Det må
42 også gjelde på arbeidsplassen. Vestland Arbeidarparti meiner det er urettferdig at på

43 nokre arbeidsplassar, får nokre grupper store garderobefasilitetar medan dei andre må
44 nøye seg med avsidesliggjande rom som ikkje er berekna til garderobar. Vi meiner at ein
45 ikkje skal stå igjen med ulemper og utanforskap grunna minoritetstilhørsløse.

46 For å kunne arbeide effektivt og i gode omstende treng ein klede som er tilpassa jobben
47 ein skal gjere. Dette inneberer at det er varme klede til vinteren og luftige klede til
48 sommardagar. Desse arbeidskleda skal også vere tilpassa dei tilsette.

49 Obligatorisk Teneste Pensjon -OTP- er ein viktig del av pensjonen i Norge.
50 Arbeidsgjevarar er pålagde å setje av minst 2% av løna til pensjonskonto ifølge OTP-lova.
51 Mange bransjar har høgare OTP enn 2%, mens låglønnsyrka ligg oftast på
52 minimumskravet som er 2 %. For å styrke pensjonsgrunnlaget for alle arbeidstakarar og
53 sikre ei meir rettferdig pensjonsfordeling og større økonomisk tryggleik i alderdommen
54 for lavt lønna arbeidstakarar, må den Obligatorisk Teneste Pensjonen – OTP - hevast til 4
55 %.

56 Vestland Arbeidarparti vil:

- 57 • Ha tettare oppfølging av sjukefråvær frå arbeidsgjevarsida.
- 58 • At arbeidet med sjukefråvær blir meir systematisk
- 59 • Sikre statleg nærvær i alle landets kommunar.
- 60 • Styrke NAV med fleire saksbehandlarar i førstelinja og klageinstansen.
- 61 • Arbeidsførebuande trening (AFT), Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og slike ordningar
62 må ikkje settast ut på anbod.
- 63 • Det må etablerast 1000 nye tilrettelagte arbeidsplassar årleg.
- 64 • Opprette ei statleg ordning som gir insentiv til små og mellomstore bedrifter som
65 ynskjer å delta i slikt arbeid. Ordninga må sikre at dei personane som jobbar tett
66 på personen får delta på kurs med kunnskap om/rundt tilretteleggingsbehovet.
- 67 • At det blir laga nettverk for minoritetar på arbeidsplassar og betre krav til
68 fasilitetar for minoritetar i arbeidslivet
- 69 • Innføre krav om tilfredsstillande garderobefasilitetar for alle
- 70 • innføre krav om gratis arbeidsklede
- 71 • At arbeidsklede som blir tilbydd av arbeidsgivar er berekna på det arbeidet som
72 skal gjerast
- 73 • At arbeidsklede tilbydd av arbeidsgivar skal være tilpassa
- 74 • Gratis førarkort klasse B til alle yrkesfagelever

75

76

77 U2 - Bustadpolitikk

78 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 17, 18, 19, 20, 21, 114,

79 Ein trygg busituasjon legg grunnlag for eit godt liv, og er ein bærebjelke i velferden.
80 Historisk har den sosialdemokratiske bustadpolitikken, der det er eit klart mål at folk
81 skal kunne eige sin eigen bustad, vore viktig for at vi har eit land med små forskjellar.

82 Vestland Arbeidarparti vil at enno fleire skal komme seg inn på bustadmarknaden. Det er
83 ei utfordring at bustadprisane er høge i norske byar, men også i større tettstader, dette
84 bidreg til å forsterke forskjellane i samfunnet. Høge bustadprisar ekskluderer særleg
85 unge menneske, einslege og vanskelegstilte. Men også einslege eldre kan få vanskar når
86 dei skal flytte frå gamle hus til meir lettstelt og gjerne meir sentralt lokalisert leilighet.

87 Vestland Arbeidarparti vil ta i bruk enno fleire verkemiddel for å nå målet om at fleire skal
88 kunne eige eigen bustad. Husbanken si rolle må styrkas tytterlegare som bustadsosial
89 aktør for ungdom i etableringsfasen, eldre som skal flytte frå hus til aldersvenleg leilighet
90 og andre med bustadsosiale behov.

91 Det er ulike bustadutfordringar i storbyen Bergen og i distriktskommunane, men
92 Arbeidarpartiet må ha politikk som svarer ut alle desse utfordringane.

93 Vestland Arbeidarparti vil:

- 94 • Arbeide for at regjeringa held fram å auke løyvingane til Husbanken, der ein
- 95 særleg skal prioritere startlån til unge og bustøtte
- 96 • At det vert lagt til rette for bygging av mindre, universelt utforma leiligheter i
- 97 bygder og tettstader, gjerne med støtte frå Husbanken
- 98 • At Husbanken og Enova skal stimulere og tilrettelegge for bygging av minihus, i
- 99 første omgang som pilotprosjekt
- 100 • Auke tilskot til Enova for støtte til private som vil gjennomføre gode energi- og
- 101 klimatililtak i eigen bustad
- 102 • Sikre bustøtte på eit nivå som gjer at folk får kvardagen til å gå opp
- 103 • Sikre at kommersielle aktørar ikkje kan drive Airbnb – utleige i bustadområde
- 104 • At det blir lagt til rette for bygging av fleire studentbustader i Bergen og på dei
- 105 andre studiestadene, i samarbeid med SAMAN
- 106 • At det blir lagt betre til rette i arealplanlegging i kommunar og fylkeskommunar for
- 107 bygging og plassering av minihus
- 108 • At det vert enklare å skille ut kårhus frå gardsbruk, slik at ledig bustadkapasitet på
- 109 bygdene kan utnyttast betre
- 110 • Bygge opp en sosial leieboligsektor gjennom å samarbeide med kommunar,
- 111 næringsliv og ideelle om å satse på allmennboligprosjekter som bidrar til flere og
- 112 rimelegare leieboliger
- 113 • Innføre en ny husleielov med styrket oppsigelsesvern og bedre beskyttelse mot
- 114 ulovlige leieøkninger.
- 115 • Opprette et uavhengig organ som kan gi utleier pålegg om å sikre at boligen
- 116 oppfyller lovens krav
- 117 • Innføre et utleieregister

118 U3 - Digitalisering for alle

119 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 22, 23, 24, 25 og 77

120 Den teknologiske utviklinga gjev både moglegheiter og utfordringar. For Vestland
121 Arbeidarparti er det viktig at det er fellesskapet som styrar utviklinga når teknologien
122 endrar samfunnet, ikkje omvendt. Digitaliseringa av samfunnet må komme alle til
123 gode. Målet må vere at data blir eit fellesgode som er underlagt demokratisk nasjonal
124 kontroll. Samstundes som det gjev like vilkår for konkurranse og større moglegheiter for
125 forskning, innovasjon og verdiskaping. Auka samarbeid mellom forskning, næring,
126 forvaltning og myndigheiter vil vere til interesse for alle, og vil kunne leggje til rette for
127 synergi og auka innovasjon.

128 Vestland Arbeidarparti meiner at det må satsast meir på Digital Samhandling Offentlig
129 Privat (DSOP) for å realisere fleire forenklingar, spare ressursar for samfunnet og nå
130 målet i digitaliseringsstrategien om å gjere Noreg til ein digital leiarnasjon. **Mangelfull**
131 infrastruktur og betre tilgang på data av god kvalitet er ein viktig føresetnad for å ta i bruk
132 KI i større skala. Betre data, betre tilgang til data og betre datadeling er dei
133 enkeltfaktorane som kan ha størst betydning for at digitaliseringa skal kunne bidra til å
134 løyse samfunnet -og næringslivet sine utfordringar i framtida.

135 Vestland Ap vil:

- 136 • Oppmode om at DSOP-programmet vert tilført auka ressursar for å styrkje sitt
137 arbeid med digitalisering av viktige samfunnsprosessar.
- 138 • Ha ein offensiv datapolitikk underlagt nasjonal kontroll der meirverdien kjem
139 fellesskapet til gode.
- 140 • Modernisere norsk verne- og rettighetsbærande lovgivning med digitale formkrav.
- 141 • Oppdatere lovverket slik at det legger til rette for auka digital inkludering og åpen
142 kode-delning.
- 143 • At essensiell digital infrastruktur vert lagt under demokratisk kontroll.
- 144 • At økonomiske gevinstar tilbakeførast til fellesskapet der data produserast.
- 145 • Utvikle modellar til forvatninga for å forstå effektane av digitalisering.
- 146 • At datadeling og sikring skal lønne seg.
- 147 • Sikre samarbeid og datadeling mellom offentlege myndigheiter, militære og sivile
148 aktørar, næringsliv og lokalsamfunn.
- 149 • Auke det digitale kompetansenivået i samfunnet – slik at fleire klarar å identifisere
150 svindelforsøk.
- 151 • Støtte utvikling av verktøy som gjer det enklare å oppdage svindel og stoppe
152 misbruk av data.
- 153 • Sikre meir og betre etter- og vidareutdanning av digital kompetanse.

154

155

156 **U4 - En rettferdig asyl- og flyktningpolitikk**

157 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 48, 49, 50, 51, 52, 53

158 Vi lever i ei stadig meir uroleg verd. Krig, konflikt og klimaendringar driv stadig fleire
159 menneske på flukt. Tal frå 2023 viste at nærare 110 millionar menneske kan reknast som
160 flyktningar. Dette er ei auke på 50 millionar på berre 6 år. Som eitt av verdas rikaste land
161 har Noreg eit særleg ansvar. Vestland Arbeidarparti meiner at Noreg til ei kvar tid bør
162 følgje anbefalinga frå FNs høgkommissær om talet på kvoteflyktningar.

163 Sidan 2022 har Noreg tatt imot 92 000 flyktningar frå Ukraina. Fleireparten av desse er
164 busette i kommunane. Det store talet på flyktningar har lagt eit stort press på
165 kommunens kapasitet, både når det gjeld bustader, men også skolar, barnehagar og
166 helsetenester. Vestland Arbeidarparti meiner at det er viktig at staten fullfinansierer
167 kommunens utgifter når det kjem til busetting og integrering av flyktningar.

168 Vestland Arbeidarparti meiner at det er viktig å styrke asylsøkarar og flyktningars rettar i
169 norsk lov. Det er difor nødvendig å innføre ein foreldelsesfrist på alle
170 tilbakekallelssaker. Retten til familiegjenforeining må stå sterkt, og det må
171 gjennomførast ei kritisk gjennomgang av UDI sin praksis opp mot mindreårige
172 flyktningar. UDI bør ikkje ha som mål å returnere flest mogleg. I fleire europeiske land
173 har politikarar teke til orde for å opne for asylbehandling i tredjeland. Vestland
174 Arbeidarparti meiner at dette er ansvarsfråskrivning og ein urimeleg måte å behandle
175 menneske som ser til oss for beskyttelse. Det bør difor vere uaktuelt for Noreg å opne for
176 ein slik praksis.

177 Menneske som kjem til Noreg er ofte overrepresenterte i statistikken over hushaldningar
178 med vedvarande låg inntekt. Dagens introduksjonsstønad er for låg, noko som fører til at
179 deltakarar i introduksjonsprogrammet ofte er avhengige av sosialhjelp for å få
180 økonomien til å gå rundt. Dette fører til auka kostnader og meir byråkrati. Vestland
181 Arbeidarparti meiner difor at introduksjonsstønaden må aukast, og at den framover bør
182 justerast jamleg i tråd med prisveksten.

183 Vestland Arbeidarparti vil:

- 184 • Innføre ein foreldelsesfrist på 10 år i alle tilbakekallelssaker
- 185 • Sei tydeleg nei til å tillate asylbehandling i tredjeland
- 186 • Retten til familieliv og tilgang til familiegjenforeining skal stå sterkt i
- 187 familiegjenforeiningspolitikken i Noreg i tråd med Den europeiske
- 188 menneskerettskonvensjonen artikkel 8.
- 189 • At Noreg til ei kvar tid skal følgje anbefalinga frå FNs høgkommissær for
- 190 flyktningar om talet på kvoteflyktningar ein tek imot. • At staten fullfinansierer
- 191 kommunane sine utgifter i samband med busetting og integrering av flyktningar.
- 192 • Auke introduksjonsstønaden gjennom introduksjonsprogrammet slik at
- 193 deltakarane ikkje er avhengige av andre ytingar for å overleve.
- 194 Introduksjonsstønaden må jamleg justerast i tråd med prisveksten.
- 195 • Ha ei kritisk gjennomgang av oppdraget UDI har når det gjeld statusen og
- 196 framtida til mindreårige flyktningar.

197 **U5 - Energipolitikk**

198 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 26, 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33, 35, 36, 37, 39, 40, 42, 43,
199 45, 46, 47, 102, 118, 137

200 **Kraftsystem og politisk styring**

201 Målet i norsk kraftpolitikk skal vera at næringsliv og husstandar skal ha tilgang på rikeleg
202 med rein energi til rimelege, føreseielege prisar.

203 I Noreg er kring 90% av kraftproduksjonen i offentleg eige. Eit offentleg eigarskap av både
204 kraftnett og kraftproduksjon, sikrar at fellesskapet både nyt godt av verdiskapinga og kan
205 vera styrande for utvikling av framtidig krafttilgang i Noreg. Vestland Arbeidarparti vil at
206 også framtidig kraftutbygging skal vera styrt av offentlege selskap. Dette sikrar at våre
207 felles kraftressursar vert eigd av fellesskapet og gir utbygging av nye ressursar større
208 legitimitet.

209 Noreg er som følgje av Parisavtalen forplikta til å redusera utslepp av klimagassar med
210 55% av 1990-nivå innan 2030. Dette er eit svært krevjande og ambisiøst mål og legg
211 tydeleg press på den norske energipolitikken. For å nå måla i Parisavtalen må samfunnet
212 elektrifiserast, det må gjennomførast ei storstilt energiøkonomisering og det må byggast
213 ut ny fornybar kraft og eit meir robust kraftnett. Ny fornybar kraft i form av vass- og
214 vindkraft utfordrar naturinteressar og er ofte konfliktfylt. Det er derfor viktig at
215 lokaldemokratiet er sterkt delaktig ved utbygging av ny kraft og at kraftutbygging fører til
216 verdiskaping i vertskommunane.

217 Noreg er tett knytt til den europeiske kraftmarknaden via ACER, EØS og ei rekke
218 utanlandskablar. Utanlandskablane har utvilsamt ført til prissmitte frå Europa og
219 historisk høge straumprisar dei siste åra. Det er viktig for Vestland Arbeidarparti at vi har
220 politisk kontroll med krafta i Noreg. Vestland Arbeidarparti er derfor tydeleg på at det
221 ikkje bør byggjast nye utanlandskablar i løpet av dei neste 5 åra, EUs omstridde
222 marknadsregelverk må ikkje vedtakast og det må innførast strengare regulering og
223 kontroll av straumselskapa i Noreg. For å sikre ei utvikling der auka forbruk og tilgang på
224 ny kraft er i balanse, er det viktig at det vert gjort tydelege prioriteringar ved krafttildeling i
225 kraftnettet og at det vert bygd ut eit driftssikkert kraftnett.

226 Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- 227 • Offentleg eigarskap til norsk kraftproduksjon og kraftnett
- 228 • Ingen nye utanlandskablar frå Noreg dei neste 5 åra
- 229 • Strengare regulering av straumselskapa
- 230 • Ikkje innføring av EUs omstridde marknadsregelverk
- 231 • Tydelege retningslinjer til Statnett for prioritering av krafttildeling i kraftnettet

232 **Kraftproduksjon**

233 For å klare overgangen til eit nullutslippsamfunn og samstundes sikra ein
234 konkurransedyktig kraftpris for industri og næringsliv, er det eit stort behov for auka

235 kraftproduksjon i Noreg. Ny kraftproduksjon må vera CO2-fri, billig og realiserbar i løpet
236 av kort tid.

237 Utbygging av fornybar kraft er ofte konfliktfylt. Både vasskraft, vindkraft og solkraft legg
238 beslag på betydeleg naturverdiar, og det blir fort eit prioriteringsspørsmål mellom klima
239 og naturvern. For at utbygging av ny fornybar kraft skal ha støtte i vertskommunane, er
240 det essensielt at vertskommunane vert sikra ein god kompensasjon for å avstå delar av
241 sine naturverdiar til gode for storsamfunnet.

242 For tradisjonell vasskraft har vertskommunane vore kompensert med tildeling av
243 konsesjonskraft, konsesjonsavgift, naturressursskatt og eigedomsskatt. Desse
244 ordningane har sørga for at vertskommunane har hatt tydelege insentiv for
245 vasskraftutbygging. I følge NVE kan effekten i norske vasskraftverk aukast med mellom 6
246 og 8 TWh utan større naturinngrep. I tillegg planlegg og arbeidar Statkraft og andre
247 aktørar med storstilt utbygging av pumpekraftverk og aukiing av slukevne ved
248 eksisterande kraftverk (effektkraftverk). Dette er tiltak som skal sørge for auka
249 balansekraft ved innføring av variable kraftkjelder som sol og vind i kraftsystemet. I fleire
250 vertskommunar ser ein motstand mot desse utbyggingane, då
251 kompensasjonsordningane ikkje er rigga for å ta høgde for ei slik utvikling av
252 eksisterande kraftverk. Om ein skal sikra vidare støtte til denne typen utbygging i
253 vertskommunane, må regelverket for pumpekraft og storstilt effektutbygging
254 moderniserast på ein måte som gir vertskommunane tydelege insentiv.

255 For vindkraftanlegg blir vertskommunane kompensert med produksjonsavgift og
256 eigedomsskatt. Vindkraftutbygging har vist seg å vera spesielt konfliktfylt.
257 Vindkraftanlegga legg ofte beslag på store område, er lette å sjå i terrenget og har vore
258 forbunde med utanlandsk eigarskap. Dersom ein skal sikra høg legitimitet kring bygging
259 av vindkraftanlegg, er det avgjerande at utbygging bidreg til lokal verdiskaping. Det er
260 også avgjerande at kommunanes sjølvråderett vert haldt i hevd og at lokaldemokratiet
261 har det avgjerande ordet i forhold til eventuell utbygging i eigen kommune. Vestland
262 Arbeidarparti meiner derfor kommunanes vetorett bør spissast og at moglegheita for
263 bruk av statleg plan har som føresetnad at den gjeldande kommune gir sin tilslutning til
264 dette.

265 Kjernekraft har vore omstridt både i Noreg og andre delar av Europa. Samstundes er
266 kjernekraft fri for klimagassutslepp og har eit vesentleg lågare arealavtrykk enn vass-
267 vind- og solkraft. Innvendingane mot kjernekraft er at det vil ta tid før kjernekraft kan
268 etablerast med konkurransedyktige prisar. Vestland Arbeidarparti er ikkje avvisande til
269 kjernekraft som ein del av den framtidige energimiksen i Noreg, og ønskjer at det vert
270 sett i gang eit utgreiingsarbeid for framtidig produksjon av kjernekraft i Noreg.

271 Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- 272 • Utbetring av eksisterande vasskraftverk skal prioriterast
- 273 • Sikra ein rettviss kompensasjon for vertskommunane ved kraftutbygging
- 274 • Regelverk for kompensasjon for pumpekraft og effektutbygging må moderniserast
- 275 • Auka sakshandssamingskapasitet og kvalitet hos NVE
- 276 • Spissing av kommunanes sjølvråderett i forhold til bruk av statleg plan ved
- 277 vindkraftutbygging

- 278 • Utgreiingsarbeid for framtidig produksjon av kjernekraft i Noreg

279 **Energiøkonomisering**

280 Samstundes som ein må leggje til rette for utbygging av kraftverk og kraftnett, må det
281 sørgast for gode straumsparingsordningar i Noreg. Energisparande tiltak i eigen bustad
282 har lågt konfliktnivå og gir gode ringverknadar for huseigar i form av lågare
283 straumrekning. For å sikra investeringar i energisparande tiltak i private hushald og
284 bedrifter, må satsinga på ENØK tiltak styrkast. Det må sørgast for enkle
285 søknadsprosessar for ENOVA-støtte og det må lagast langsiktige støtteordningar som
286 sikrar at investering i solceller, jordvarme, fjordvarme og biovarme framleis lønnar seg
287 for private hushald.

288 Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- 289 • Styrking av ENØK tiltak
290 • Sikre støtteordningar for investering i solceller, jordvarme, fjordvarme og
291 biovarme

292 **Kraftnett**

293 Kraftnettet i Noreg er kritisk viktig infrastruktur. Utvikling av kraftnettet i Vestland og
294 Noreg er avgjerande for å klare overgangen til det grøne skiftet, auka digitalisering og for
295 å gi gode konkurransevilkår for etablert og framtidig industri. I dag er Noreg delt opp i fem
296 prisområde med tidvis store forskjellar i straumpris. Dette kan virke
297 konkurransevidande for næringsliv mellom dei ulike prisområda. I tillegg er manglande
298 tilgang på rein, fornybar kraft mange stadar ein flaskehals for vidare næringsetablering.
299 Løysinga på desse utfordringane er å bygge eit robust kraftnett som sikrar
300 overføringskapasitet internt i Noreg. Vestland Arbeidarparti vil vidare at det skal utviklast
301 tydelege retningslinjer for utvikling av kraftnett og krafttildeling i Noreg. Både ved
302 utbygging av kraftnett og kraftfordeling skal realistiske prosjekt for ny eller etablert
303 industri prioriterast.

304 Samstundes som behovet for meir overføringskapasitet og utvikling av kraftnettet er
305 stort, er det stor motstand i mange lokalsamfunn knytt til bygging av nytt
306 transmisjonsnett i Noreg. Motstanden er ofte knytt til traséval som set naturverdiar,
307 kulturlandskap og bygder under press. Konflikten vert ofte særleg stor når det vert peika
308 på kraftliner i luft.

309 Statnett, som er ansvarleg for utbygging av transmisjonsnettet i Noreg, og NVE som
310 tildeler konsesjon for utbygginga, styrer etter St.meld. 14 (2011-2012).
311 Stortingsmeldinga gjev mellom anna føringar for bruk av sjøkablar og jordkablar. Mykje
312 har utvikla seg innom heilskapleg arealplanlegging, verdsetting av naturområde og
313 kulturlandskap, sidan denne stortingsmeldinga vart vedteke. Vestland Arbeidarparti
314 meiner derfor det er på tide at reglane for bruk av sjøkabel/jordkabel vert reviderte og at
315 heilskapleg arealforvaltning med omsyn til naturområde og kulturlandskap vert
316 implementerte i nye retningslinjer for utbygging av kraftnettet.

317 Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- 318 • Utvikling av kraftnettet i Vestland

- 319 • Sikra nettutvikling som tryggjar tilgang til kraft og rimelege prisar i alle prisområde
- 320 • Utvikling av kraftnett skal prioritera prosjekt med realistisk vekst innom ny og
- 321 etablert industri
- 322 • Revisjon av St.meld. 14 (2011-2012), med særskilt fokus på nye retningslinjer for
- 323 bruk av sjø- og jordkabler i transmisjonsnettet.
- 324 • Oppdatert prioriteringsinstruks til Statnett, med tydelege retningslinjer for
- 325 krafttildeling i kraftnettet.
- 326 • Sørge for utjamning av nettleige mellom sentrale strøk og distrikta gjennom
- 327 innføring av utjamningsordning for nettleige.

328 **Straumpris og nettleige**

329 Grunna god tilgang på billig kraft historisk, er norske husstandar i stor grad avhengig av
330 elektrisk oppvarming. Dei varierende straumprisane vi har sett dei siste åra i Noreg har
331 vore utfordrande for både folks privatøkonomi og for næringslivet. Straumstøtteordninga
332 som vart innført i 2021 og som sidan har blitt forbetra ved fleire høve, har vore
333 avgjerande for å skjerma norske hushald frå dei verste konsekvensane av energikrisa i
334 Europa. Samstundes har prisane framleis vore variable med særskilt høge pristoppar,
335 noko som har skapt stor usikkerheit i det norske folket. Vestland Arbeidarparti stettar
336 difor regjeringas forslag om innføring av Noregspris på straum, der alle husstandar får
337 tilbod om å knytte fastpris på 40 øre/kwt før moms. Dette vil gi føreseielege vilkår for den
338 norske befolkninga og vil redusera den økonomiske bekymringa for norske hushald.

339 Vestland Arbeidarparti stettar også regjeringas forslag om reduksjon i moms på
340 nettleiga. Dette er eit viktig steg på vegen til å fjerne moms på nettleiga.

341 For næringslivet har det vore jobba med utvikling av fastprisavtalar. Vestland
342 Arbeidarparti vil at denne ordninga skal vidareutviklast og vil arbeida for å sikra at små
343 og mellomstore bedrifter vert skjerma for dei store svingingane i straumprisen. Det bør
344 vidare utforskast om ein kan lage straumordningar for næringslivet som utjamnar
345 prisskilnadane mellom prisområda internt i Noreg, og som sikrar norske
346 konkurransefortrinn for kraftforedlande industri og næringsliv, innanfor
347 handlingsrommet i EØS-avtalen.

348 Vestland Arbeidarparti vil arbeida for følgjande:

- 349 • Fjerne MVA på nettleige
- 350 • Sikra innføring av Noregspris på straum, der alle husstandar får tilbod om fastpris
- 351 på om lag 40 øre/kwt før moms.
- 352 • Sikra fortsetting av dagens straumstøtteordninga. Dekking av 90% over 75øre/kwt
- 353 før moms for husstandar inntil bruk av 5000kwt i månadleg forbruk
- 354 • Vidareutvikla ordninga med fastprisavtalar for næringslivet
- 355 • Utforska straumordning for å sikra låge straumprisar og konkurransefortrinn for
- 356 norsk industri og næring innanfor handlingsrommet i EØS-avtalen

357
358

359 **U6 - Forsvar og beredskap**

360 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 54, 55

361 Forslag 54: Delvis ivaretatt

362 Forslag 55: Ivaretatt

363 Noreg og Europa står i dag overfor ei svært krevjande tryggingspolitisk verkelegheit.
364 Russland sin angrepskrig i Ukraina går no inn i sitt fjerde år, og konfliktnivået i Midtausten
365 har eskalert med Hamas sitt terrorangrep og Israel sitt angrep på Gaza, som også har
366 smitta over til fleire land i regionen. Samstundes som verda har blitt farlegare og meir
367 uforutsigbar, har forholdet mellom USA og Europa forverra seg som følge av president
368 Trump og hans nye administrasjon, noko som skaper usikkerheit rundt USAs
369 tryggingsgaranti.

370 Som eit svar på den nye tryggingspolitiske verkelegheita, vedtok Stortinget ein historisk
371 satsing på forsvar gjennom ein ny langtidsplan. 1600 milliardar kroner skal investerast
372 over ein 20-års periode. Samlege greinar i forsvaret skal styrkast med nytt personell og
373 nytt utstyr.

374 Vestland Arbeidarparti meiner at satsinga på forsvaret er god og nødvendig, men meiner
375 at det bør investerast meir i langtrekkjande luftvern rundt kritisk infrastruktur og i
376 tettbygde område over heile Noreg. Erfaringane frå krigen i Ukraina viser viktigheita av å
377 ha eit tilstrekkeleg luftvern.

378 I fjor haust la regjeringa fram totalberedskapsmeldinga. Meldinga definerer beredskap
379 breitt og har som mål å ruste sivilsamfunnet mot hendingar som krig, terror, ekstremvær
380 og pandemi for å nemne noko. Dei siste trusselvurderingane frå blant anna PST og E-
381 tenesta, viser ei aukande risiko for at kritisk infrastruktur kan bli utsett for sabotasje. Det
382 er difor avgjerande at politiet blir gjeve ekstra ressursar til å beskytte kritisk infrastruktur.
383 Samarbeidet mellom politi og kystvakt bør styrkast. Det bør også jobbast med å sjå på
384 måtar der det private næringslivet effektivt kan rapportere om mistenkjeleg aktivitet
385 rundt kritisk infrastruktur.

386 Totalberedskapsmeldinga legg opp til å oppheve byggestopp av tilfluktsrom. Dette er
387 positivt, men det er avgjerande at styresmaktene saman med næringslivet finn ei god
388 løysing på korleis ein kan få i gang bygginga av fleire nye tilfluktsrom. Noreg har i dag ei
389 dekning på rundt 50%. Det bør settast mål om å auke dekningsgraden til 90% innan
390 2035.

391 Vestland Arbeidarparti vil:

- 392 • Styrke beredskapsbevisstheita i den norske befolkninga gjennom ein
- 393 totalberedskapskampanje
- 394 • Det bør investerast meir i langtrekkjande luftvern rundt kritisk infrastruktur og i
- 395 tettbygde område over heile Noreg.
- 396 • At det settast av midlar til øvingar på tvers av etatar, og styrke kapasiteten i den
- 397 sivile spesialisthelsetenesta til å kunne ta imot militære traumepasientar.

- 398
- 399
- 400
- 401
- 402
- 403
- 404
- 405
- 406
- 407
- 408
- Prioritere meir ressursar til politiet, for å beskytte kritisk infrastruktur.
 - Styrke samarbeidet mellom politi og kystvakt, og utrede korleis det private næringslivet effektivt kan rapportere om mistenkjeleg aktivitet rundt kritisk infrastruktur
 - Stille krav om bygging av tilfluktsrom med mål om å oppnå ei dekningsgrad på 90% innan 2035. Styresmaktene må saman med næringslivet finne gode løysingar på korleis dette kan gjerast.
 - Vurdere tilrettelegging for at fleire hushald kan få tilgang på generatorar for alternativ produksjon av energi
 - Utvikle konkrete tiltak for å hindre og reagere på bruken av hybride verkemiddel mot Noreg, inkludert sabotasje og cybersabotasje.

409

410

411 **U7 - Helsepolitisk uttale**

412 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 57, 58, 59, 61-67, 70,71,73,76,103, 152

413 **Offentlege velferdstenester i eigen regi**

414 Vestland Arbeidarparti meiner at helse- og omsorgstenester er eit offentleg ansvar og i
415 størst mogleg grad skal drivast i offentleg regi. Helse er ei grunnleggjande
416 velferdsteneste, og alle skal ha likeverdig tilgang til nødvendige helsetenester uavhengig
417 av økonomi, bustad eller sosial status. Me vil arbeida for ei styrking av den offentlege
418 helsetenesta for å redusera bruken av kommersielle aktørar og vikarbyrå som tappar det
419 offentlege for ressursar og kompetanse. Det må sikrast tilstrekkeleg finansiering, betre
420 arbeidsvilkår og sterkare kontroll med rolla til vikarbyråa i helse- og omsorgssektoren.
421 Offentlege helsetenester må ha med seg at ulike vikarbyrå kan utnytta situasjonen ved
422 mangel på helsepersonell og tilby høgare lønn, men dårlegare pensjonsvilkår. Dette
423 rammar ofte kvinner som utgjer ein stor del av helsepersonellet.

424 I dag konkurrerer dei offentlege og dei private helsetenestene om den same
425 arbeidskrafta. Vår felles helseteneste skal vera førstevalet til dei tilsette. Arbeidarpartiet
426 må jobba for at ideelle aktørar framleis skal vera ein del av helsetilbodet, men det må
427 sikrast at desse ikkje blir utkonkurrerte av kommersielle selskap. Dette inneber å leggja
428 fram ein strategi for å sikra rammevilkår og vekst for ideelle aktørar som eit supplement
429 til det offentlege tilbodet.

430 **Rekruttera og behalda helsepersonell**

431 Helse- og omsorgssektoren står overfor store rekrutteringsutfordringar.Ifølgje
432 Perspektivmeldingen vil det vera behov for 180 000 fleire helsearbeidarar innan 2060.
433 For å nå dette målet må det setjast inn ein kraftig innsats for å rekruttera, utdanna og
434 behalda helsepersonell. Arbeidsbelastninga på legar og sjukepleiarar er allereie for stor,
435 noko kampanjen #legermåleve tydeleg har vist. Skal me redusera denne belastninga, må
436 me både utdanna og tilsetja fleire helsearbeidarar.For å dekkja behovet for medisinsk
437 kompetanse i Noreg må talet på studieplassar i medisin aukast. Denne utvidinga bør
438 følgja faglege tilrådingar.Samtidig må talet på LIS1-stillingar justerast i takt med behovet.
439 Helsedirektoratet bør oppdatera vurderinga kvart tredje år og sikra nok stillingar for
440 nyutdanna legar.

441 Helsepersonellkommisjonen er også tydeleg på at den største utfordringa me har er å
442 sikra nok kvalifiserte helsepersonell. Dette inneber at i tillegg til å utdanna fleire legar og
443 sjukepleiarar, må det også skapast nye yrkesgrupper i helsetenesta. Fagarbeidarar må få
444 meir ansvar og fleire oppgåver for å avlasta høgt spesialiserte yrkesgrupper.

445 Det vil vera behov for nye yrkesgrupper i helsetenestene samtidig som fagarbeidarane
446 må få fleire oppgåver og meir ansvar. Arbeidet med å utdanna, rekruttera og behalda
447 fagfolk blir det viktigaste i helsetenestene i åra som kjem.

448 For å sikra ein stabil og kompetent arbeidsstyrke må det leggjast til rette for fleire heile,
449 faste stillingar og redusert arbeidstid der det er formålstenleg. Nye arbeidstidsordningar

450 kan vurderast gjennom trepartssamarbeidet. Dette vil bidra til å behalda og rekruttera
451 fleire helsearbeidarar, samtidig som arbeidsbelastninga blir redusert og kvaliteten på
452 tenestene blir halden oppe. Samtidig må det jobbast med å gjera yrka innan helse meir
453 attraktivt.

454 Eit av dei mest effektive tiltaka for å møte denne utfordringa er å styrkja desentrale
455 studieløp. Dette vil gjera det enklare for fleire å utdanna seg lokalt, noko som er spesielt
456 viktig i ei tid der verda opplever aukande uvisse. Samtidig må det leggjast betre til rette
457 for at fleire pasientar kan delta i kliniske studiar over heile landet, noko som kan bidra til
458 å forbetra behandlingsmetodar og helsetenester. Støttefunksjonane i helsevesenet må
459 styrkjast, ettersom for høge krav kombinert med svekt autonomi og manglande støtte
460 skaper ein svært belastande arbeidssituasjon.

461 **Styrk ressurskrevjande tenester i kommunane**

462 Ressurskrevjande tenester gjeld dei sjukaste innbyggjarane og krev mykje av
463 kommunane. Likevel har støtteordningar blitt svekka, noko som rammar dei mest
464 sårbare. For å sikre forsvarlege tenester må kutta reverserast og kompetansen styrkast.
465 Kommunane treng stabile rammer for å kunne møte dei komplekse behova til denne
466 gruppa.

467 Aldersgrensa på 67 år må fjernast. Behovet for helse- og omsorgstenester forsvinn ikkje
468 med alderen, og det er urimeleg at kommunane åleine skal bere desse kostnadene.
469 Arbeidarpartiet må jobbe for å sikre betre rammevilkår slik at kommunane kan gi gode og
470 trygge tenester til våre mest sårbare innbyggjarar.

471 **Kvinnehelse**

472 Kvinnehelse i Noreg står overfor store utfordringar, spesielt i distrikta, der avstand til
473 helsetenester og mangel på spesialistar kan føra til uakseptable forskjellar i helsehjelp.
474 Alle kvinner, uavhengig av bustad, har rett til likeverdig tilgang til nødvendige
475 helsetenester.

476 For å sikra dette må tilgjengelegheita til fastlegar, gynekologar og mammografi styrkjast.
477 Telemedisin og digitale konsultasjonar bør utvidast for å gi kvinner betre høve til
478 medisinsk rådgiving uavhengig av geografisk plassering. I tillegg må den lokale
479 helsetenesta forsterkast, slik at kommunane kan tilby betre bistand ved spørsmål rundt
480 abort og sørgja for god oppfølging av både frivillige og ufrivillige abortar. Det er også viktig
481 at støttegrupper og rettleiingstilbod er lett tilgjengelege for dei som treng det.

482 Vidare må tryggleiken ved gynekologiske undersøkingar sikrast. Helsedirektoratet må
483 utarbeida ei forskrift som sikrar klare reglar for informasjon om gynekologiske
484 undersøkingar. Det må gjerast tydeleg at kvinner har rett til å be om at ein kvinneleg
485 helsearbeidar er til stades under undersøkinga eller velja ein kvinneleg gynekolog der
486 det er mogleg. Dette tiltaket vil bidra til å skapa tryggleik for kvinner og jenter i sårbare
487 situasjonar. Norske kvinner skal kjenna seg trygge og vareteke i møte med helsevesenet.
488 Det er på høg tid at nødvendige tiltak blir sette i verk for å sikra likeverdige helsetenester
489 og tryggleik for alle.

490 **Tidleg innsats og førebygging for barn og unge**

491 Vi veit at utanforskap kan ramma alle, men barn og unge er spesielt sårbare. Me må sikra
492 at alle barn får like moglegheiter, uavhengig av bakgrunn, helse eller sosiale forhold.
493 Derfor må Arbeidarpartiet:

- 494 • Gi kommunane øyremerkte midlar til gratisplassar for barn og unge med
495 utfordringar, slik at økonomi ikkje hindrar deltaking.
- 496 • Styrkja kompetansen i helsetasjonar og barnehagar om kva som påverkar barns
497 utvikling, både individuelt og i fellesskap.
- 498 • Organisera barselgrupper for å gi mødrer fellesskap og barna eit godt sosialt
499 grunnlag.
- 500 • Sikre at kommunane har tverrfaglege team som kan setja inn tidleg innsats og
501 koordinera hjelpa til familiar i krevjande livssituasjonar.

502 Nokre barn startar livet i ein vanskeleg situasjon. Barn av foreldre i utanforskap, med
503 helseutfordringar eller sosiale vanskar, eller med utfordringar knytt til integrering, har
504 ofte større behov for støtte. Viss me ikkje gjer ein tidleg innsats, kan dei måtta kjempa
505 seg gjennom livet trass i rammene rundt seg, i staden for å få hjelp gjennom dei. Trygge
506 rammer, tilhørrelse, tilpassa utfordringar og kjensla av å bli sett og verdsett er avgjerande
507 for ein sunn oppvekst.

508 Det er også ein auke i psykiske helseutfordringar blant ungdom. Kapasiteten ved barne-
509 og ungdomspsykiatrien (BUP) i til dømes Helse Bergen er sprengd, noko som gjer at
510 mange ikkje får hjelpa dei treng. Dette har alvorlege konsekvensar for enkeltindivid og
511 samfunnet.

512 Vestland Arbeidarparti vil derfor:

- 513 • Auka løyvingane til psykisk helsevern for barn og unge, slik at fleire får tilgang til
514 nødvendig behandling.
- 515 • Satsa meir på førebygging av psykisk uhelse, inkludert eteforstyrningar, ufrivillig
516 skulefråvær, utanforskap og rusproblematikk.
- 517 • Sikre og jobba for fleire lågterskeltilbod og lett tilgjengeleg hjelp for ungdom i ei
518 tid kor psykiske utfordringar aukar.

519 Tidleg innsats og førebygging er avgjerande for at barn og unge får eit godt grunnlag for
520 livsmeistring. Arbeidarpartiet må jobba for at alle barn og unge har dei same
521 moglegheitene for ein trygg og god oppvekst.

522 **Betre førebyggjande helsehjelp til personar med utviklingshemming**

523 Personar med utviklingshemming og kognitive utfordringar har spesielle helsebehov som
524 krev tilpassa hjelp. Mange av desse personane er avhengig av familie, venner eller eit
525 godt støtteapparat for å få nødvendig helsehjelp til rett tid. Dette er spesielt viktig fordi
526 personar med utviklingshemming har høgare risiko for helseproblem og treng derfor
527 jamleg oppfølging.

528 Fleire personar med utviklingshemming har også utfordringar med språk og
529 kommunikasjon, noko som kan gjera det vanskeleg for dei å uttrykkja smerte eller
530 helseproblem. Dette kan føra til at helseplager ikkje blir oppdaga før dei blir meir
531 alvorlege. Dessverre får ikkje alltid personar med utviklingshemming tilstrekkeleg
532 oppfølging frå fastlegen, og dette er eit problem som framleis ikkje er løyst.

533 For å forbetra helsetilbodet til denne gruppa, er det viktig med meir fokus på regelmessig
534 og førebyggjande helsehjelp. Viss me kan fanga opp helseproblem tidleg, kan me hindra
535 at dei utviklar seg til meir alvorlege tilstandar. Vestland Arbeidarparti foreslår derfor å
536 styrkja den førebyggjande helsehjelpa for personar med utviklingshemming, slik at dei
537 kan få den hjelpa dei trengjer på eit tidleg stadium.

538 **Tannhelse - Ein viktig og likestilt del av helsetenesta vår**

539 Tannhelse er ein del av folkehelsa og bør likestillast med anna helsehjelp. I dag er den
540 private tannhelsetenesta den største, og same tannhelseproblem kan ofte behandlast
541 på fleire måtar og til ulike prisar. Dette skaper utfordringar for å sikra at alle har tilgang til
542 nødvendig tannhelsehjelp. Målet må vera å innføra universell tilgang til tannhelse på ein
543 gradvis og økonomisk berekraftig måte, samtidig som ein tek omsyn til at ulike
544 behandlingalternativ kan variera i både omfang og kostnad. Arbeidarpartiet må jobba
545 for for å utvida det offentlege ansvaret for tannhelse, og dei siste fire åra har
546 Arbeidarpartiet i regjeringa kutta prisen på tannbehandling for unge opp til 28 år med
547 75%.

548 Arbeidarpartiet må sikra universell tilgang og ei samanhengande helseteneste.
549 Privatiseringa av tannhelsetenester aukar, og me må styrkja det offentlege tilbodet og
550 regulera private aktørar for å hindra at tannhelse blir ei kommersiell profittkjelde. For å
551 avgrensa kommersialisering og sikra eit regulert tannhelsetilbod bør det innførast
552 prisregulering og lovfesta konsesjonskrav for private tilbydarar, slik at ukontrollert vekst
553 blir forhindra. Offentlege midlar må sikrast mot å hamna i internasjonale konsern.

554 For å sikra likestilling av tannhelse med anna helsehjelp må refusjonsordningar i
555 folketrygda styrkjast og blir forenkla for personar med diagnosar som gir dårleg
556 tannhelse, og tannhelsetenesta må integrerast med andre helsetenester. Vestland
557 Arbeidarparti meiner at ansvaret for tannhelsetenesta må halda fram på statleg,
558 fylkeskommunalt og kommunalt nivå for å sikra brei tilgang og kontroll, samtidig som
559 organiseringa av tenesta må sjåast i samheng med resten av helsevesenet.

560 Vestland Arbeidarparti meiner at ei universell tannhelseteneste finansierte over
561 statsbudsjettet blir innført. Desse tiltaka vil sikra at tannhelsetenesta held fram med å
562 vere eit offentleg gode og ikkje ei kjelde til privat profitt, samtidig som me aukar
563 ambisjonane for tannhelsepolitikken.

564 Ambisjonsnivået må hevast ved å utvida tannhelsetilbodet til fleire grupper utover
565 akutte tilfelle, barn og eldre. Det er viktig at økonomiske barrierar for nødvendig
566 tannbehandling må fjernast, særleg for låginntektsgrupper. Vestland Arbeidarpartiet
567 meiner at ambisjonen må vera at innan 2030 skal tannhelse vera fullstendig likestilt med
568 andre helsetenester.

569 **Rimelegare og enklare parkering ved sjukehus**

570 Pasientar, pårørande og tilsette bør sleppe høge parkeringskostnader ved sjukehus.
571 Mange er avhengige av bil, og prisane varierer – frå gratis parkering i Førde til høge
572 avgifter på Haukeland. Ei meir rettferdig ordning kan innebere rabattar, enklare
573 betalingsløysingar og samarbeid med lokale aktørar for rimelegare parkering. Dette vil
574 redusere kostnadene utan å krevje gratis parkering overalt.

575

576

577

578 U8 - Idrett og kultur

579 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 86, 87, 88, 89

580 Vestland har eit breitt og mangfaldig kulturliv. Uavhengig av kor ein bur skal alle ha eit
581 godt kultur- og idrettstilbod. Kulturfeltet er ein vesentleg del av samfunnet sin beredskap
582 i krevjande tider, og kunstfeltet og kunstnarane blir fort skadelidande. Det er difor særleg
583 viktig at Arbeidarpartiet realiserer løfta frå programmet til stortingsvalet når det gjeld
584 både ramme av BNP, eit nytt kulturløft og utvalde satsingar i heile landet. For Vestland
585 handlar det om å skape ulike arenaer i heile fylket.

586 Kultur i heile Vestland

587 Langs kysten og inn i fjordane på Vestlandet er det mykje historie. Denne historia er i ferd
588 med å gå tapt. Vestland Arbeidarparti meiner at tilskota til tiltak langs vestlandskysten
589 må aukast, dette gjeld mellom anna tilskot til kystkultur inkludert fartøyvern, for å
590 forhindre at viktig kulturarv går tapt. Griegakademiet bidreg med kompetanse til nye
591 rollar og funksjonar som er naudsynt i musikkliv og kulturliv. Når det ferdigstillast vil
592 Griegkvartalet, ein kraftfull arenaklynge, realiserast. I tillegg vil Vestland Arbeidarparti
593 jobbe mot skeivfordelinga for Bergen Nasjonale Opera, Bergen Filharmoniske Orkester
594 og Kode og naudsynte investeringar i bygg. Dette gjeldt også Den Nasjonale Scene sitt
595 behov for auka rehabiliteringsramma grunna endra krav til universell utforming,
596 arbeidsmiljø og berekraft. Alt dette vil komplettere Bergen og Vestland sin kulturelle
597 infrastruktur.

598 Vestland Arbeidarparti vil:

599

- 600 • Ha eit krafttak for kultur med programfesta nytt kulturløfte og ei opptrapping til
- 601 ein prosent av BNP.
- 602 • At fartøyvernet styrkast gjennom auka tilskot over post 74 "Tilskot til fartøyvern".
- 603 • Arbeide for at regjeringa prioriterer viktige kulturinstitusjonar utanfor
- 604 hovudstaden i kommande budsjett blant desse Kode, Bergen Filharmoniske
- 605 Orkester og Bergen Nasjonale Opera.
- 606 • Sørge for nødvendig opprustning av Den Nasjonale Scene .
- 607 • At Griegakademiet ferdigstillast fortløpande og at Griegkvartalet realiserast.

608 Spelemidlar

609 Vestland er det fylket i landet med aller størst søknad om spelemidlar til anlegg og
610 utstyr. Det er store forskjellar mellom fylka på kor lang tid det går å få tildelt spelemidlar,
611 og Vestland er mellom dei med lengst ventetid, eit gjennomsnitt mellom 3 og 4 år. Dette
612 er krevjande for både kommunar og frivillighet, som skal bygge og drifte, då behovet for
613 både nye og oppgraderte anlegg i Vestland er stort. Dette gjeld alle typar anlegg, også
614 svømmebasseng som skal sikre lovpålagt opplæring. For kommunane er både
615 investeringskostnadar og driftskostnadar til symjeanlegg store. Symjeopplæring er ein
616 viktig del av folkehelse og drukningsførebygging. Vestland Arbeidarparti foreslår at
617 anlegg der ein skal drive lovpålagt undervisning må prioriterast høgare i fordelinga av
618 spelemidlar. Meir midlar til idrettsanlegg vil redusere ventelistene.

619 **Unge og eldre**

620 Det er ein bekymringsfull auke av psykiske helseutfordringar og oppleving av
621 utanforskap blant unge og eldre. I ein digital tidsaldar er det framleis viktig å skape gode
622 fysiske møteplassar. Fysiske møteplassar kan bidra til å skape tilhøyrse og kan vere
623 sosiale arenaer utanom organiserte aktivitetar. Vestland Arbeidarparti sikre at alle barn
624 og unge har tilgang til ein møteplass for uorganisert aktivitet. Tilbodet vil verte drifta
625 gjennom kommunene, og skal vere basert på tilskot frå staten. I tillegg vil Vestland
626 Arbeidarparti ha øyremerka midlar til aktivitet og kultur for eldre, både dei som bur på
627 institusjon, men også dei som nyttar dagbaserte tenester. Aktivitet og kultur vil bidra
628 positivt for dei eldre si helse og trivsel.

629 Vestland Arbeidarparti vil:

- 630 • At anlegg der ein skal drive lovpålagt undervisning må prioriterast høgare i
631 fordelinga av spelemidlar.
- 632 • Få meir statlege midlar til idrettsanlegg for å redusere ventelistene på
633 spelemidlar.
- 634 • Sikre alle barn og unge tilgang til ein møteplass for uorganisert aktivitet. Tilbodet
635 vert drifta gjennom kommunene, men må vere basert på tilskot frå staten.
- 636 • Ha øyremerka midlar til aktivitet og kultur for eldre, både dei som bur på
637 institusjon, men også dei som nyttar dagbaserte tenester.

638 • **NYTT KULEPUNKT**

639

640

641 **U9 – Internasjonal uttale: Handling for solidaritet og internasjonal**
642 **rett**

643 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 90, 91, 93, 94, 95, 96, 97, 98

644 Vestland Arbeidarparti meiner at Noreg må nytte alle høve til å syne solidaritet og
645 konsekvent stå opp for internasjonal lov og ei regelstyrt verd.

646 **Palestina og internasjonal rett**

647 Vestland Arbeidarparti oppmodar regjeringa om å bruke sitt internasjonale engasjement
648 for å fremje ei fredeleg tostatsløyising mellom Israel og Palestina, og til å krevje respekt
649 for menneskerettane og internasjonal rett.

650 I løpet av det siste halvanna året har Israel sin allereie uakseptable valdsbruk og
651 overgrep mot palestinarane nådd nye nivå. Trass i dette, og at Den internasjonale
652 domstolen (ICJ) har slått fast at Israels sin okkupasjon er ulovleg, har Noreg ikkje innført
653 sanksjonar mot Israel. Dette er ikkje haldbart. Brot på internasjonal rett må få
654 konsekvensar, og norske sanksjonar vil ha effekt.

655 Norsktilknytte og/eller -forsikra skip utgjør ein stor del av verdas handelsflåte, og slike
656 skip går hyppig til israelske hamnar. Eit forbod mot dette vil ha ein klar og merkbar
657 kostnad. Sanksjoner frå Noreg vil også gjere det lettare for andre land å kome etter. Dette
658 er berre eitt av fleire område der norske sanksjonar kan påføre Israel merkbare
659 konsekvensar.

660 Vestland Arbeidarparti vil:

- 661 • Følge Noreg sine forpliktingar etter folkeretten, og aktivt undersøke kor Noreg er
- 662 involvert i israelsk industri og økonomi, mtp. innføring av sanksjonar
- 663 • Være ein aktiv pådrivar i FN, vere lyttande og lojal til FN sine ulike deler og
- 664 stemme i tråd med det kunnskapsgrunnlaget FN representerer.
- 665 • Støtte opp om sivilsamfunnet (f.eks. akademia, kultur, idrett) sine moglegheiter til
- 666 å vise solidaritet.
- 667 • Igangsette og støtte tiltak retta mot å hindre annektering av palestinsk land.
- 668 • Igangsette og støtte praktiske tiltak for å skille mellom staten Israel og OPT, i tråd
- 669 med Tryggingrådet sin resolusjon 2334 (2016).
- 670 • Sikre en slutt på all økonomisk samkvem og handel med de ulovlege israelske
- 671 busetnadene. Sikre at norske aktører ikkje bidrar, direkte eller på anna måte, til
- 672 brot på folkeretten og menneskerettane på okkupert palestinsk territorium
- 673 gjennom handel, offentlege anskaffingar, investeringar eller andre aktiviteter.
- 674 • Forby norske og norskeigde skip å gå til Israelske hamnar.
- 675 • Forby norske forsikringsselskap å forsikre skip som går til israelske hamnar.

676 Krigføringa på Gaza gjeld også Noreg direkte. Norske statsborgarar har blitt drepne av
677 israelske styrker under omstende som tyder på at det kan dreie seg om brotsverk mot
678 norsk og internasjonal lov. Samtidig har norske statsborgarar tenestegjort i Gaza, der det
679 er dokumentert at israelske styrker har gjort systematiske brotsverk, som drap, tortur,
680 tvungne forsvinningar, øydelegging og plyndring, for å nemne noko.

681

682 Vestland Arbeidarparti vil:

- 683 • Sikre etterforskning av krigsbrottsverk gjort av eller mot norske statsborgarar, samt
- 684 andre personar som Noreg har jurisdiksjon over.
- 685 • Støtte opp om Den internasjonale straffedomstolen (ICC), prinsipielt,
- 686 diplomatisk og økonomisk.

687 **Humanitær hjelp til Gaza**

688 Situasjonen i Gaza har i fleire år vore prega av konflikt, humanitære katastrofar og
689 alvorlege menneskerettsbrot. Den pågåande krigen i området har ført til djupe lidingar
690 for sivilbefolkninga, spesielt barn og kvinner. Det er viktig at Noreg, som ein påliteleg
691 internasjonal aktør, tek eit ansvar for å bidra til å humanitær hjelp.

692 Vestland Arbeidarparti vil:

- 693 • Auke den humanitære støtta til Gaza, med spesielt fokus på helsevesen,
- 694 utdanning og matforsyning til sivilbefolkninga.

695 **Gjenoppbygging av Syria, «Marshallhjelpa»**

696 Det ser ut til at uroa og borgarkrigen i Syria er i ferd med å kome til ein ende. Mange
697 millionar flyktningar har forlete landet på grunn av konfliktane. Om desse flyktningane
698 skal ha noko å kome tilbake til, må det internasjonale samfunnet tre støttande til. Eit
699 fredeleg Syria er avgjerande for stabiliteten i regionen.

700 Vestland Arbeidarparti vil:

- 701 • At Noreg skal bidra til at FN tar ei leiarrolle med å koordinere «Marshallhjelpa» for
- 702 Syria.

703 **Ukraina: Våpenhjelp, sanksjonar og humanitær støtte**

704 Regjeringa sitt nivå på støtte til Ukraina det siste året har ikkje vore tilstrekkeleg. Den
705 folkerettsstridige og brutale russiske krigføringa og okkupasjonen av Ukraina fører til
706 stadig meir liding. Ein slutt på kamphandlingane utan russisk nederlag vil ikkje medføre
707 fred. Åra 1940-1945 lærte Noreg at okkupasjon ikkje er fred. I Ukraina er det demokratiet
708 som står imot det totalitære. Vinner Russland vil vi truleg sjå enno meir liding i Europa.
709 Ukraina må altså setjast i stand til å vinne krigen og Russland må tape. Sterkast mogleg
710 våpenhjelp er dessverre det viktigaste verkemiddelet.

711 Som fylgje av krigføringa i Ukraina, har det meste av den vestlege verden innført
712 sanksjonar mot mange Russiske varer. Ikkje alle land Norge/EU handlar med tek del i
713 desse sanksjonane. Staten risikerer derfor å importere varer med Russisk opphav, og
714 dermed bryte eigne sanksjonar samt smørje det russiske krigsapparatet. Staten må
715 derfor forsikre seg mot at slik import skjer, ved å vera aktiv mot importørane. Vi kan ikkje
716 akseptere at sanksjonerte varer frå Russland vert "kvitvaska", ved at det er innom eit
717 anna land fyrst.

718 Vestland Arbeidarparti krev:

- 719 • At Noreg intensiverer både våpenhjelp og humanitær støtte til Ukraina.
720 • At Noreg må vere ein pådrivar for at resten av NATO aukar sin støtte saman med
721 Noreg, slik at slik at Ukraina kan gjere slutt på all russisk okkupasjon.
722 • At Noreg må sørge for effektive sanksjonar mot Russland og Belarus.
723 • At staten tek på seg ei sterkare rolle som innkjøpar og sluttkunde av varer og
724 tenester.

725 **Oljefondet**

726 Vestland Arbeidarparti meiner det er på høg tid at vårt oljefond, som er ein viktig
727 nasjonal ressurs, vert brukt meir aktivt for å fremje ei meir rettferdig og berekraftig
728 utvikling på tvers av landegrenser. Vestland Arbeidarparti støttar at Norge vidarefører ein
729 politikk der investeringar frå oljefondet også tek høgde for berekraftige og etiske
730 investeringar.

731 Vestland Arbeidarparti meiner at:

- 732 • Oljefondet skal bidra til positiv global utvikling og fremje etiske investeringar.
733 Oljefondet skal ikkje kunne investera i selskap som medverkar til
734 krigsforbrytingar, menneskerettsbrot eller miljøødelegging.
735 • Oljefondet må trekke sine investeringar ut av selskap som medverkar til brot på
736 folkeretten og menneskerettane.

737

738

739

740 **U10 - Justis**

741 Ivaretek heilt eller delvis forslag:107, 108, 109, 110

742 Vestland Arbeidarparti krev sterkare tiltak mot ungdomskriminaliteten. Unge lovbyrtarar
743 må møtast raskare med konsekvensar som merkast - og forventingar som pliktar - for å
744 bøte på det dei har gjort.

745 Vestland Arbeidarparti krev at kapasiteten i ungdomsfengsla vert styrkja, og at modellen
746 med fotfylgning av unge kriminelle (24/7-modellen) vert utgreidd snarast. Restriksjonar i
747 bruken av digital kommunikasjon / sosiale media bør vurderast saman med andre tiltak i
748 modellen.

749 Vestland Arbeidarparti seier nei til å senkja den kriminelle lågalderen, og krev at barn
750 under 15 år ikkje skal møtast med strafferettslege verkemiddel. All ungdom, uavhengig
751 av alder, som er på veg inn i rekruttering til kriminalitet skal derimot møtast med
752 forventingar, krav og ambisjonar, justert i tråd med eigne ferdigheiter. Velferdsstaten skal
753 rustast sterkare for å hindra at ungdom fell utanfor, gjennom

- 754 • krav til kommunane om å spreie bustader retta mot barnefamiljar med behov for
- 755 økonomisk stønad over heile kommunen,
- 756 • styrkja SLT-modellen slik at politi, kommune, frivilligheita og andre kan
- 757 samarbeida betre,
- 758 • øyremerkje midlar til sommarjobb i kommunane,
- 759 • styrkja lågterskeltilboda retta mot ungdom innanfor utdanning og helse,
- 760 • styrkja foreldreinvolveringa, særleg etter fyrste lovbrøt,
- 761 • sikra rett til utdanning eller arbeid ved betinga reaksjon, prøvelauslating eller
- 762 enda soning for domfelte under 25 år,
- 763 • utvida satsinga på nærpoliti og førebyggjande arbeid retta mot ungdom, og
- 764 • utgreie tilpassingar i teiepliktregeilverket, slik at instansane kan samhandla betre
- 765 om ungdom ein er uroa for.

766 Vestland Arbeidarparti er uroa for ei utvikling der ressurssterke tiltalte i straffesaker
767 “kjøper seg” advokat og på den måten freistar skaffa mildare dom i norske domstolar.
768 Den offentleg fastsette godtgjeringsa til norske forsvararar og bistandsadvokatar har vore
769 underregulert over lang tid. Den låge rettshjelpssatsen kan ikkje lenger sikra at dei
770 flinkaste advokatane vél å ta straffesaker, og det er i ferd med å slå bein under heile
771 ordninga med offentleg advokatbistand. Regjeringa har sjølv sett ned eit breidt
772 samansett salæråd. Vestland Arbeidarparti krev at rettshjelpssatsen årleg vert fastsett i
773 tråd med rådet sine anbefalingar.

774 Vestland Arbeidarparti ber om at dommarfullmektigordninga vert gjennomgått med mål
775 om å sikra habile og kompetente rettsavgjerder, og fullgod rekruttering til dommaryrket.
776 Utgreiarstillingar bør opprettast i dei tingrettane der det er omsynstenleg.

777 For å sikra skeive sine rettar og betra livskvaliteten skal tiltaka frå den nye
778 handlingsplanen for kjønns - og seksualitetsmangfald setjast i verk straks. Utgreiinga om
779 ein tredje kjønnskategori skal setjast i verk med mål om å konkludere i spørsmålet innan
780 utløpet av neste stortingsperiode.

781 **U11 - Klima og natur**

782 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 116, 117, 118 120 - 128, 130, 131, 132, 133

783 Noreg har gjennom klimalova forplikta seg til å vere eit lågutslippssamfunn innan 2050.
784 Dette er naudsynt for å ta ansvar for eigne utsleppskutt og tilpassa oss ei verd med
785 minkande etterspurnad etter fossil energi. For å lukkast, må klimagassutslepp i praksis
786 eliminerast. Arbeidarpartiet meiner denne omstillinga er ufråvikeleg. Klimakrisa trugar
787 økosystem, økonomisk stabilitet og framtidige generasjonar. Difor må omstillinga vera
788 rettferdig, berekraftig og samtidig skapa nye, grønne arbeidsplassar.

789 EU vil innan 2040 redusera sitt forbruk av fossile energikjelder med om lag 80 prosent
790 samanlikna med 2021. Arbeidarpartiet vil følgja opp denne utviklinga. Dei tryggaste
791 arbeidsplassane i framtida vil vera jobber med lågt klimagassutslepp. Regjeringa sitt
792 kompetanseutval har peika på at høg aktivitet i olje- og gassnæringa kan hindre frigjering
793 av kompetent arbeidskraft til fornybarnæringane. Noreg har framiføre seg unike
794 moglegheiter til å byggja klimavenleg industri, men det krev politisk styring for å sikra rett
795 bruk av kompetanse og arbeidskraft.

796 Skancke-utvalets NOU "Omstilling til lågutslipp - Veivalg for klimapolitikken mot 2050"
797 slår fast at alle avgjerder og investeringar no må sjåast i lys av at Noreg skal kutta 90-95
798 % av sine utslepp innan 2050. Ei gradvis omstilling bort frå petroleumsverksemd er ein
799 sentral del av denne strategien.

800 Petroleumsverksemda utgjer i dag 25 % av dei norske klimagassutsleppa. Ei ansvarleg
801 og styrt nedtrapping er naudsynt for å unngå ei brå og kostbar omstilling i framtida. Skal
802 Noreg bli eit lågutslippssamfunn, må me unngå ny infrastruktur som bind landet til
803 utslepp etter 2050. Difor må petroleumsaktiviteten gradvis reduserast i takt med
804 etterspurnaden.

805 Dei siste åra har europeisk energitryggleik vore hardt utfordra som følgje av krigen i
806 Ukraina. Noreg er den viktigaste energileverandøren til Europa og skal også i framtida
807 vera ein stabil og trygg leverandør av gass og olje til Europa.

808 Trepertssamarbeidet vert stadig viktigare for norsk industri. Verksemdar som lukkast
809 med omstilling har høg organisasjonsgrad og sterk medarbeidarmedverknad. Vestland
810 Arbeidarparti vil styrkja det fagleg-politiske samarbeidet. Norsk næringspolitikk skal ha
811 som ambisjon å nytta naturressursane på ein berekraftig måte, både på land og til havs.
812 Det er naudsynt å sikra gode og langsiktige rammevilkår for norsk industri.

813 Vestland Arbeidarparti vil:

- 814 • Sikra konkurransedyktige rammevilkår for næringslivet
- 815 • Føra ein aktiv næringspolitikk som legg til rette for eit innovativt, kunnskapsbasert
- 816 og klimavenleg næringsliv
- 817 • Arbeida for kraftig reduksjon i klimagassutslepp frå norsk olje og gassproduksjon
- 818 og redusera dette til null innan 2050. Det skal utarbeidast ein strategi for fremjing
- 819 av fornybare og grønne næringar tilknytta sokkelen, som karbon- fangst og lagring,

820 havvind, hydrogen og liknande, med mål om å bygge opp næringar som på sikt
821 kan erstatta petroleumsnæringa

- 822 • Leiteverksemd må kun være direkte tilknytta eksisterande infrastruktur
- 823 • Vidareføra CO2-kompensasjonsordninga

824 **Natur**

825 Naturen er livsgrunnlaget vårt. Ho gjev oss reint vatn, frisk luft, mat, medisinar,
826 byggjematerialar og er avgjerande for fysisk og psykisk helse. Intakt natur vernar også
827 mot ras, flaum og tørke. Naturen er verdas beste klimatiltak, då ho fangar og lagrar meir
828 enn halvparten av menneskeskapte karbonutslepp.

829 Naturkrisa skjer i rask takt. Politisk handling hastar, og Arbeidarpartiet må gå i front. Det
830 me gjer - eller unnlét å gjera - i denne regjeringsperioden, vil vera avgjerande.

831 Regjeringa har sett i gang viktig arbeid for å følgja opp FN si naturavtale.
832 Stortingsmeldinga om natur som vart lagd fram før jol, inneheld viktige steg for betre
833 system. No må regjeringa raskt setja konkrete mål og stilla krav til kommunar og andre
834 aktørar.

835 Hyttebygging har lenge vore ein del av norsk kultur, men stadig fleire vert bygde i sårbare
836 område. Me må ta vare på naturen og redusera presset på sårbare område gjennom meir
837 berekraftige løysingar.

838 Vestland Arbeidarparti vil:

- 839 • Setja eit nasjonalt mål om arealnøytralitet.
- 840 • Styrkja klima- og naturpolitikken ved å gjennomgå arbeids- og ansvarsdeling
- 841 mellom departementa.
- 842 • Styrkja Naturmangfaldlova og avgrensa dispensasjonsmogelegheiter.
- 843 • Innføra ei "markalov" for resten av landet.
- 844 • Oppnemna eit miljøombod.
- 845 • Utarbeida ein opptrappingsplan for flaumsikring.
- 846 • Oppretta tilskotsordningar for rydding av natur og strandlinje for plast og søppel.
- 847 • Forby utbygging av nye hyttefelt
- 848 • Skape muligheter for utleie av hytter når de ikke er i bruk, for å fremme
- 849 bærekraftige løsninger.
- 850 • At alle arealplaner skal "planvaska" med nye vurderingar rundt eventuell
- 851 nedbygging av natur

852 **Sirkulærøkonomi**

853 Noreg har eit enormt forbruk. Skal me lukkast med overgangen til eit berekraftig
854 samfunn, må ressursane nyttast betre. Målet er ein sirkulær økonomi der ressursane
855 vert nytta om att, heller enn forbrukt og kasta.

856 Ein sirkulær økonomi gjer det lønsamt å reparera framfor å kjøpa nytt, stiller krav til
857 produkt si haldbarheit og ser avfall som ein ressurs. Langsiktig vil dette gje minimal
858 avfallsproduksjon.

859 Vestland Arbeidarparti vil:

- 860 • Gjera det billegare å reparera enn å kjøpe nytt.
- 861 • Fremja ei næring for reparasjon av forbruksvarer.
- 862 • Fjerne moms på brukte varer.
- 863 • Setja minimumskrav til haldbarheit på produkt.
- 864 • Forby ikkje-fornybare material utan plan for gjenbruk.
- 865 • Innføre panteordningar for glas, metall og elektronikk.
- 866 • Stille krav til økologi og arbeidsvilkår i produksjonen.
- 867 • Innføre nasjonale reglar for klesindustrien.
- 868 • Forby import av tekstilar med helse- og miljøskadelege stoff.

869

870

871

872 **U12 - Kommunal og distrikt**

873 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 101, 102, 104, 105 og 106

874 Kommunane er ein av bærebjelkane i utviklinga av velferdsstaten i landet vårt. Vestland
875 Arbeidarparti meiner at det må vere føreseieleg økonomiske rammer i kommunane slik
876 at lokalpolitikarar skal kunne prioritere til rett tid og levere gode tenester til
877 innbyggjarane. Når det gjeld skatteinntekter for kraftverk viser tala ein samla reduksjon
878 på 15,5 milliardar då det er fleire og fleire vasskraftanlegg som når makstaket på
879 formueverdien som kan skattleggast. Formuen til kraftselskapa stig utan at det har
880 nokon effekt på skatteinntektene til kommunane. I praksis blir inntektene til kommunen i
881 dag redusert tilsvarande indeksjusteringa kvart år.

882 Vasskraft er og blir ei fellesgode som kommunane legg til rette for, tek utbyggingsomsyn
883 til og gjev av naturmangfaldet. I tillegg tek kommunane samfunnsansvaret med mellom
884 anna utbygging av nettet. For å kompensere for dette har dei fleste kommunane innført
885 eigedomsskatt for kraftanlegg og andre næringar. Vestland Arbeidarparti vil jobbe for at
886 kommunane som legg tilrette for utbygging vert kompensert.

887 Vestland Arbeidarparti vil:

- 888 • At eigedomsskattegrunnlaget (ESG) frå skatteetaten for vasskraftanlegg over 10
889 000 KVA må føreliggje kommunane innan 1. november kvart år.
- 890 • Makstaket for eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg ref. Eigedomsskattelova
891 §8 B-1 fjerde ledd, vert fjerna.
- 892 • Konsesjonskraftregima, med sjølvkost før 10. april 1959 og ED-prisar
893 (Energidepartement-pris) etter, må slåast saman slik at det blir ED-prisar på all
894 konsesjonskraft. Dette for å gje likeverdig avgjerdsgrunnlag for nyinvesteringar i
895 ramma for konsesjonar gitt før og etter 10. april 1959. Samfunnsnyttan må kome
896 før forretningsomsyn i slike spørsmål. Energidepartement må prioritere å rette
897 opp denne skeivintensiven i kraftpolitikken.
- 898 • Kommunane må få innsyn i skattegrunnlaget for å kunne anslå grunnlag for
899 eigedomsskatten til vasskraftverk.
- 900 • Storting og regjering må sjå på grunnrenteskatten og investeringsgrunnlaget som
901 kraftselskap kan trekke ifrå i samanheng, før eigedomsskatten vert utrekna.
- 902 • Grunnrenteskatt skal ikkje kome til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget for
903 kraftanlegg jf. Skattelova §18-5.

904 Kommunane sjølve er dei som har mest kunnskap om sin eigen kommune, når det gjeld
905 behov, bruk og utnytting av areal. Mange kommunar opplever at det er sterk statleg
906 kontroll på mange aktivitetar og tiltak. Byar, tettstadar og distrikt har som oftast ulike
907 behov når det gjeld planlegging og bruk av areal. Det er store skilnader mellom byar,
908 flatbygder, innlandsbygder og fjordbygder. Dette må takast omsyn til. Kommunane må få
909 sterkare sjølvstyre. Vestland Arbeidarparti meiner at dersom kvar enkelt kommune ikkje
910 får bruka lokaldemokratiet sitt i planlegginga, vil lokaldemokratiet bli svekka. I neste
911 omgang vil dette føre til folketalsnedgang og uttynning av dei ulike lokalsamfunna. Ved
912 oppstart av kommune- og reguleringsplanar og tiltak som bygge ned natur, må det
913 settast krav til uhilda og kvalitetssikra undersøkingar.

914 Det er store skilnader mellom kommunane i Noreg både når det gjeld storleik,
915 utfordringar og ikkje minst når det gjeld økonomisk robustheit. Mange kommunar og
916 fylkeskommunar slit med økonomien, noko som trugar velferdsstaten som Ap har bygt
917 opp gjennom mange år. Kommunane har ansvar for tenester som er tettast på kvardagen
918 til folk som t.d. barnehage, skule og eldreomsorg. Det må vere eit nasjonalt mål at
919 tilbodet ein får av velferdsstaten ikkje skal avhenge av kvar i landet ein bur. Når nye
920 nasjonale reformer utan tilstrekkeleg statlege finansiering er ein gjengangar i kommune-
921 Noreg rammar dette særleg kommunane med lågaste inntekter. Dette gjev grobotn for
922 forskjells-Noreg og set velferdsstaten i spel. Eit dårleg offentleg tilbod på skular eller
923 innan helse i kommunane bidreg til å auke tilbodet av private alternativ.

924 **Vestland Arbeidarparti vil styrke teneste til dei ressurskrevjande ute i kommunane.**

925 Ressurskrevjande brukarane krev mykje av kommunane både i form personell, ressursar
926 og kompetanse. Tilskotsordninga til ressurskrevjande brukarar må utviklast og bli betre.
927 Formålet med ordninga er å legge til rette for at kommunane kan gje eit godt
928 tenestetilbod til denne gruppa som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. I
929 tillegg til refusjon av alle lønnsutgiftene, må refusjonen omhandle utgifter
930 til administrasjonsarbeid, opplæring, rettleiing og reisetid. I tillegg må aldersgrensa på
931 67 år takast bort. Brukarane er like og ofte meir krevjande etter dei har fylte 67 år.

932 Vestland Arbeidarparti:

- 933 • Sikre ein sterk og forutsigbar kommune -og fylkesøkonomi slik at dei kan løysa
- 934 velferdstenestene på ein verdig måte
- 935 • Setje krav til uhilda og kvalitetssikra undersøkingar ved oppstart av kommune- og
- 936 reguleringsplanar og tiltak som bygger ned natur.
- 937 • Styrke kommunane sine frie inntekter
- 938 • Sikre at nasjonale reformer og tiltak er fullfinansierte
- 939 • Styrke ressurskrevjande tenester i kommunane

940

941

942

943 **U13 - Næringsliv**

944 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 111, 112, 134, 135, 136, 139, 140, 141, 142, 143, 144,
945 145, 147, 148, 149,

946 **Ei fremtidsretta industri**

947 Det ligg eit stort potensiale til nyvinning og auka sysselsetting innan fleire industrielle
948 sektorar, mellom anna kraftforedlande industri, design- og merkevaredrive industri,
949 sirkulærøkonomi og det «grøne skiftet», samt innan råvareindustrien.

950 Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske skiftet med store mogelegheiter
951 for framtida. Bedriftene skal omstille seg til ein meir miljøvenleg produksjon. Vestland
952 Arbeidarparti vil at staten stiller opp med omstillingsmidlar gjennom ENOVA.

953 Trepartsamarbeidet blir stadig viktigare for norsk industri. Dei bedriftene som lukkast
954 med omstilling har høg medverknad og høg organisasjonsgrad. Ambisjonen om å ta
955 ressursane våre i bruk, både på land og i havet, skal kjenneteikna vår industripolitikk.
956 Framover må norsk industri få gode og langsiktige rammevilkår.

957 Dagens forskotgaranti krev at reiarlag betaler 20 prosent av kostnaden på forskot når dei
958 bestiller eit nytt skip. Ein forskotgaranti frå staten til skipsverfta vil skaffa likviditet, og
959 sikra igangsetjing av byggjekontraktar for skip.

960 Vestland Arbeidarparti vil:

- 961 • Føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande,
962 kunnskapsbasert og klimavenleg næringsliv.
- 963 • Vidareføra CO2-kompensasjonsordninga vedteken i 2024 fram til 2030. Dette er
964 viktig for å sikra norske arbeidsplassar, og sørge for at industri ikkje vert flytta til
965 land med mindre stram klimapolitikk.
- 966 • Satse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga.
967 Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til
968 kontinuerleg etter- og vidareutdanning.
- 969 • Ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk
970 industri.
- 971 • Ha fokus på forvaltning av energiresursane slik at det i framtida vil vere grunnlag
972 for industriproduksjon i landet.
- 973 • Halda fram med satsinga på CO2-fangst, -bruk, -transport og -lagring.
- 974 • Vurdera moglegheitene for ei betre ordning med forskotgaranti til skipsverfta som
975 i mindre grad bind kapital og reduserer risiko.

976 **Forenkling av reglar for små føretak**

977 I 2024 blei rekneskapslova oppdatert med ein definisjon «mikroføretak» (§ 1-5 (1)) som i
978 praksis inkluderer de fleste regnskapspliktige føretak med mindre enn 10 millionar
979 kroner i salsinntekter. Sjølv om denne definisjonen kom på plass vert det ikkje innført
980 forenklingstiltak for denne gruppa denne gruppa. Mikroføretak har behov for eit regelverk
981 som speglar deira storleik og ressursar. Dagens NRS 8 for små føretak, som gjeld føretak

982 med under 168 millionar kroner i salsinntekter, har vist seg effektivt for denne gruppa, og
983 ein tilsvarende standard for mikroføretak vil kunne forenkle regelverket ytterlegare.

984 Ved å tillate mikroføretak å føre rekneskap etter prinsippa for «avgrensa
985 rekneskapsplikt», jf. rekneskapslova § 3-2b, kan dei minste føretaka nytte eit enklare og
986 meir oversiktleg system som i større grad følgjer skattemessige reglar. Dette reduserer
987 behovet for skjønn og eliminerer problematiske skilnader mellom rekneskapsmessige og
988 skattemessige verdiar.

989 Vestland Arbeidarparti vil:

- 990 • At det setjast ned eit utval for å samanstille prinsippa i rekneskaps-, bokførings-,
991 skatte- og meirverdiavgiftslova, med særleg fokus på forenklingar for små
992 føretak.
- 993 • Regjeringa følgjer opp utvalet sitt arbeid og prioriterer konkrete tiltak, som bidreg
994 til forenklingar for mikroføretak

995 **Landbruk**

996 Landbruket er ein viktig berebelke for busetting, beredskap og arbeidsplassar i heile
997 landet. Jordbruket sitt samfunnsoppdrag er å produsere nok naturleg og trygg mat. I ei
998 uroleg tid treng vi eit sterkt landbruk i heile Noreg. Landbruket er viktig for beredskapen i
999 landet vårt og bidreg mellom anna til mattryggleik, lokal verdiskaping og pleie av
1000 kulturlandskap med viktige økosystem. Landbruket med tilknytt næringsmiddels- og
1001 leverandørindustri gjev grunnlag for viktige arbeidsplassar i distrikts-Noreg og fremjar
1002 moglegheita for busetting i heile fylket vårt.

1003 I Vestland fylke er det særleg viktig å trekke fram mjølk- og kjøttproduksjon, frukt- og
1004 bær dyrking, samt skogbruk. Dei fleste av gardbrukarane i fylket vårt har størsteparten av
1005 inntekta si frå arbeid utanfor garden. Dersom vi i framtida skal sikra god beredskap og
1006 høg sjølvforsyningsgrad må det bli meir lønsamt å produsera mat i Noreg.

1007 Vestland Arbeidarparti vil arbeida for følgjande innan landbrukspolitikken:

- 1008 • Sikra gode rammevilkår for vestlandsbonden og levande gardar i heile Vestland
1009 fylke
- 1010 • Styrke lønnsemda for matproduksjon i Noreg
- 1011 • Fremje tiltak for å ivareta kulturlandskap og varierte økosystem tilknytt gardsdrift
- 1012 • Auke sjølvforsyningsgraden i Noreg
- 1013 • Betre støtteordningane for nyinvesteringar i landbruket
- 1014 • Framleis ha eit sterkt jordvern i Noreg

1015 **Ei berekraftig havbruksnæring**

1016 Havbruksnæringa har blitt ei av dei største næringane i mange av kystsamfunna våre.
1017 Dette skaper arbeidsplassar, er gunstig økonomisk for kystkommunar og gjev ein
1018 føreseieleg matproduksjon. Samstundes har den sterke aukinga i havbruksnæringa hatt
1019 betydelege negative konsekvensar for miljøet i fjordsystema, for villaksen og for
1020 fiskehelsa. Det er på tide at vi tek ansvar på vegne av kystsamfunna våre og framtidige
1021 generasjonar, og sikrar at havbruksnæringa i Noreg blir verdas reinaste fiskeproduksjon.

1022 Trafikklyssystemet vart vedteke i 2015 for å styre veksten i norsk oppdrettsnæring for
1023 laks og aure. Norskekysten vart delt inn i 13 ulike produksjonsområde. I 2024, vart det
1024 bestemt å setje Produksjonsområde 4 (frå Sotra i sør til Stadt i nord) til raudt lys for
1025 perioden 2022 og 2023. Dette inneber ein nedtrekking av produksjonen av laks og aure.
1026 Vestland Arbeidarparti er sterkt bekymra for konsekvensane av det samla nedtrekket for
1027 investeringar, arbeidsplassar, utbetalingar frå Havbruksfondet og for innovasjon.

1028 Utvikling av ny teknologi er avgjerande for trekkja næringa i ei meir berekraftig retning.
1029 Teknologikutviklinga treng intensiver for å skyta fart, samtidig som me må gi gode og
1030 føreseielege moglegheiter for aktørar som prøver ut ny teknologi.

1031 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1032 • Oppmoda til ei grundig gjennomgang av trafikklyssystemet. Målet er å
1033 videreutvikle systemet og sikre ein meir heilskepeleg tilnærming til regulering av
1034 oppdrettsnæringa. Dette skal bidra til berekraftig vekst i næringa samstundes
1035 som marine ressurser bevarast.
- 1036 • Arbeida for at havbruksnæringa skal utvikla og leggja om til semi-lukka og/eller
1037 lukka merdar. Dette må gjerast ved å oppretta målretta insentivordningar,
1038 kombinert med tydelege krav/forventningar til næringa.
- 1039 • Landbasert oppdrett skal avgrensast ut frå høg energibruk og bruk av areal. Det
1040 skal særleg takast omsyn til naturverdiar, vassdrag og sårbare økosystem ved
1041 tildeling av konsesjonar.
- 1042 • Vurdera om opne konsesjonar skal kunna bytast mot to lukka.
- 1043 • Gi løyve til fullskala testing av gryteklare, lukka og berekraftige anlegg.
- 1044 • Leggja til rette for nye og berekraftige produksjonsmetodar innan havbruk.
- 1045 • Det bør utvikles tiltak/krav som bidrar til å utvikle en norsk fôrindustri.
- 1046 • Jobba for å auka foredlinga i Noreg for å auka innteninga, redusera klimaavtrykk
1047 og for å kunna utnytte restavfallet i ny industri.

1048 **Framtidas havnæringar**

1049 Havet utgjer ein sentral del av Noregs identitet. Havet er ein viktig del av historia vår, og i
1050 fleire tusen år har me hausta av ressursane som finst her. Frå sjømatnæring til
1051 oljenæringa. Havnæringane sysselset fleire hundretusen menneske. Havet er også
1052 framtida. Ny teknologi opnar opp for nye moglegheiter og nye ressursar som kan
1053 haustast. Samtidig utgjer havet eit skjørt økosystem, som som ein havnasjon, har Noreg
1054 eit særleg ansvar i å forvalta havet på ein berekraftig måte. Det inneber at me hentar inn
1055 tilstrekkeleg kunnskap før me nyttiggjer oss av havressursane. Vestland Arbeidarparti
1056 ønskjer ei auka satsing på forskning av kysten vår. Dette er avgjerande for at me skal
1057 kunne lykkast med ei berekraftig forvaltning.

1058 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1059 • Legge til rette for nye havbaserte næringar
- 1060 • Styrke forskinga på kysten vår gjennom havforskinsinstituttet
- 1061 • At støtteordningar innan maritim sektor i større grad må rettast inn mot å utvikla
1062 teknologi og andre løysingar som reduserer klimautslepp og ikkje berre null
1063 utsleppsløysingar.
- 1064 • Sikre at Havforskinsinstituttet og Fiskeridirektoratet framleis er samla i Bergen

- 1065 • Avvente oppstart med gruvedrift på havbotnen fram til vi har eit tilstrekkeleg
1066 kunnskapsgrunnlag til å evaluera effektane av ein slik industri på miljø og
1067 biomangfald i hava.

1068

1069

1070

1071 **U14 - Oppvekst**

1072 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 150, 151, 153, 154, 155, 156, 157, 158

1073 **Barnehage - kvalitet og tryggleik**

1074 Barnehagen er bra for barna og trygt for foreldra. Den bidreg til likestilling og integrering.
1075 Vestland Arbeidarparti vil at barnehageplassen skal vere gratis, og fase ut kontantstøtta,
1076 slik at alle barn vil gå i barnehagen frå tidleg alder.

1077 31. mai 2018 vedtok Stortinget å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning for
1078 barnehagar. Bemanningsnorma krev at barnehagar har minst ein tilsett per tre barn
1079 under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år. Vestland Arbeidarparti meiner at
1080 denne grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida.

1081 Dette er naudsynt for å sikre at det er tilstrekkeleg med vaksne på avdelingane, også når
1082 tilsette har plantid eller deltek i møter i opningstida. Ei tilfredsstillande bemanning
1083 gjennom heile opningstida bidreg til å sikre eit tilbod som er til det beste for barna og er
1084 eit viktig tiltak i det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt barnehagemiljø.

1085 For barnehagar med lang opningstid er bemanninga ofte langt dårlegare enn det
1086 bemanningsnorma tilseier. Dette er kvardagen for mange barn og tilsette i barnehagane.
1087 Konsekvensane av låg bemanning er større utryggleik for barna, og auka
1088 arbeidsbelastning med risiko for slitasje for dei tilsette som er på jobb. Vestland
1089 Arbeidarparti meiner at auka bemanning ved at bemanningsnormen gjeldt for heile
1090 opningstida vil kunne redusere behovet for vikarar ved korttidsfråvêr samstundes som
1091 det vil styrke kvaliteten i barnehagane og sikre at barna får den tryggleiken og omsorga
1092 dei treng.

1093 Vestland Arbeidarparti meiner at retten til barnehageplass når ein kjem flyttande til ein
1094 kommune skal likestillast med retten som oppstår umiddelbart når ein kjem flyttande
1095 med barn i skulealder. Staten må kompensera kommunane for minimum to inntak årleg.
1096 Det vil letta moglegheitene kommunane har for å ha løpande barnehageinntak og sikre
1097 at alle barn i barnehagealder får umiddelbar rett til barnehageplass ved flytting mellom
1098 kommunar.

1099 Mange barn får sitt første møte med barnelitteratur gjennom barnehagen, men fleire
1100 barnehagar har avgrensa ressursar til å tilby eit rikt og variert utval av bøker. Tidleg
1101 tilgang til kvalitetslitteratur legg grunnlaget for språkutvikling, styrkar barna si fantasi og
1102 evne til å forstå verda rundt seg. Den nyleg vedtekne Leselyststrategien har mange gode
1103 intensjonar, og desse treng å visa igjen i partiprogrammet for neste stortingsperiode i
1104 større grad enn det som no er tilfelle.

1105 Den eksisterande innkjøpsordninga for litteratur, administrert av Norsk Kulturråd, har
1106 vist seg svært vellykka i å fremja breidde, mangfald og kvalitet i norsk litteratur. Gjennom
1107 denne ordninga får mellom anna skulebiblioteka tilgang til utvalt kvalitetslitteratur. Ei
1108 tilsvarende ordning for barnehagar vil sikra at barn, uavhengig av bustad eller ressursar,
1109 får tilgang til god litteratur som ein del av den pedagogiske kvardagen. Ved å styrka

1110 tilgangen til kvalitetslitteratur i barnehagar legg me til rette for leseglede og utvikling av
1111 språklege og sosiale ferdigheiter hos barn, uavhengig av bakgrunn.

1112 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1113 • Jobbe for gratis barnehage og fase ut kontantstøtta slik at alle barn vil gå i
- 1114 barnehagen frå tidleg alder.
- 1115 • Få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld
- 1116 for heile opningstida.
- 1117 • Barnehagane skal kunne ha fleire faste tilsette for å førebyggje vikarbruk.
- 1118 • Sikre retten til barnehageplass på lik linje som skuleplass.
- 1119 • At alle kommunar skal ha fleire barnehageinntak årleg, minst to, og få dekkja
- 1120 utgiftene til dette.
- 1121 • Sikra tilgang til kvalitetslitteratur i barnehagar, for å fremja leseglede,
- 1122 • tidleg språkstimulering og sosial utjamning.

1123 **SFO**

1124 SFO er ein viktig arena for læring, leik og danning av sosiale fellesskap i skulen. Vestland
1125 Arbeidarparti vil betre kvaliteten i SFO i tillegg til å sikre nok tilsette. For at alle barn skal
1126 kunne ha moglegheita til å delta i SFO, må tilbodet utvidast til ei universell
1127 velferdsordning på linje med undervisningstimane i skulen. Alle barn skal få eit godt og
1128 variert SFO-tilbod som mellom anna inkluderar fysisk aktivitet, leik, leksehjelp og ein
1129 betre kobling mellom det som skjer i SFO, skulefaga og kulturskulen.

1130 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1131
- 1132 • Staten skal fullfinansiere gratis tilbod om halvdagsplass/kjernetid i
- 1133 skulefritidsordning (SFO) for alle elevar frå 1. til og med 4. klasse i Noreg.
- 1134 • Betre kvaliteten gjennom rammeplan i SFO i tillegg til å sikre nok tilsette med
- 1135 relevant kompetanse.

1136

1137

1138

1139 **U15 - Samferdsel og infrastruktur**

1140 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 161, 164, 165, 166, 168, 169, 170, 174, 175, 178, 181,
1141 182, 183, 184, 185, 186, 187, 188, 189, 190, 191, 195, 196, 197 , 200, 201, 202, 203

1142 Vestland Arbeidarparti sitt overordna mål er å legge til rette for gode liv, busetting og
1143 verdiskaping i heile fylket. Vestland er eit fylke med store moglegheiter; samstundes
1144 som vi også står overfor utfordringar knytt til folkevekst, omstilling av næringslivet og det
1145 å nå ambisiøse klimamål.

1146 Vestland Arbeidarparti legg nullvisjonen om at ingen skal døy eller verta hardt skadd i
1147 trafikken til grunn for samferdslepolitikken.

1148 Vestland Arbeidarparti sine overordna mål for samferdslepolitikken er:

- 1149 • Å prioritere liv og helse.
- 1150 • Å sikre gode, trygge og framkommelege vegar.
- 1151 • Å kutte utslepp for å løyse klimakrisa.
- 1152 • Å utvikle attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar som sikrar konkurransekrafta
1153 i Vestland

1154 **Vegnettet**

1155 Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vere attraktivt
1156 for både busetnad og næring. På fylkesvegane er det utfordringar med utrygge,
1157 rasutsette vegar og eit stort vedlikehaldsetterslep. I tillegg er køproblem, ferjer og andre
1158 barrierar ei avgrensing for næringsliv og utvikling av attraktive lokalsamfunn i Vestland.

1159 **Rassikring**

1160 For Vestland Arbeidarparti vil liv, helse og rassikring vere viktige omsyn i prioriteringane i
1161 NTP. Vi krev no ein forpliktande nasjonal plan, over 12 år, for rassikring av fylkes- og
1162 riksvegar.

1163 Vi treng gode, trygge og framkomelege vegar. På fylkesvegane må særleg rassikring og
1164 vedlikehald prioriterast. Dette krev forpliktande nasjonale planar, som igjen vert følgt
1165 opp med tilstrekkelege løyvingar.

1166 Statens Vegvesen kartla i 2023 eit behov på over 96 milliardar kroner for å rassikre dei
1167 mest rasfarlege riks- og fylkesvegstrekingane i Norge. Med dagens statlege
1168 finansieringstakt vil det ta minst 70 år å sikre dei farlegaste strekingane på riks- og
1169 fylkesvegnettet.

1170 Riks- og europavegane spelar ei avgjerande rolle for å knyte fylket vårt saman internt og
1171 med andre regionar nord, sør og aust for oss. Dette er viktige næringsvegar, samtidig
1172 som det er skule- og kvardagsvegane til oss som bur i Vestland fylke.

1173 I Hurdalserklæringa vart ein opptrappingsplan for rassikring varsla. Klimaendringane
1174 fører til villare og våtare ver, og dermed auka fare for ras og stengde vegar. Vestland
1175 Arbeidarparti forventar no at staten prioriterer å bygge ut eit trygt, rassikkert, teneleg og
1176 effektivt overordna vegnett i fylket vårt. Mindre og punktvisse utbetringar kan i mange

1177 tilfelle gje ein meir framkomeleg og betre veg til ein låg kostnad. Å rassikre dei farlegaste
1178 strekningane må prioriterast, og gjennomførast dei neste 12 åra. Fleire av dei mest
1179 rasfarlege strekningane er svært lågt trafikkerte og vil koste enorme summar å rassikre.
1180 Der det ligg til rette for det, må rassikring også innebere bruk av ny teknologi og innovativ
1181 skredsikring.

1182 Vestland er det fremste eksportfylket og står for store inntekter til statskassa. Vestland
1183 er også avgjerande for omstillinga Norge skal igjennom i åra som kjem. Vestland
1184 Arbeidarparti meiner at Vestland fylke over tid har fått ein for liten del av dei samla
1185 samferdselsmidlane. Dette må no snu. Vi har lite jernbane i Vestland, men til gjengjeld
1186 mykje dårleg veg.

1187 **Ferje og hurtigbåt**

1188 Ferje og hurtigbåt er ein avgjerande del av samferdsletilbodet i store deler av Vestland.
1189 Eit tenleg, rimeleg og miljøvenleg ferje- og hurtigbåttilbod som dekker behova til
1190 innbyggjarar og næringsliv er difor heilt avgjerande for å sikre livskraftige lokalsamfunn.

1191 Vestland fylkeskommune driftar heile 17 ferjesamband og 10 båtruter, der dei fleste
1192 kontraktene går ut dei komande åra. Det er usikkerheit om korleis
1193 kompensasjonsordninga for nullutslepp vil slå ut for Vestland fylkeskommune. For å
1194 sikre at overgangen til klimavennleg sjøtransport ikkje går utover rutetilboda, må det
1195 snarast komme på plass ei ordning der fylkeskommunane vert kompensert for
1196 meirkostnader knytt til null- og lavutsleppsruiter.

1197 Regjeringa har tatt viktige grep i høve reduksjon av fergetakstar. Dette arbeidet må halde
1198 fram. På Vestlandet er ferja ein del av vegen, og kostbare ferjeprisar kan ikkje vere eit
1199 hinder for at innbyggjarar kan komme seg til tenester og aktivitetar i eigen region.

1200 I løysamfunna er ferjene også ein viktig del av den generelle beredskapen. Stabile og
1201 pålitelege ferje- og skyssbåtsamband er heilt avgjerande for å oppretthalde både arbeid,
1202 utdanning, helse og sosialt liv. I tillegg er næringslivet avhengig av regularitet. Vestland
1203 Arbeidarparti meiner difor at ein må få på plass tiltak som sikrar stabilitet i desse
1204 sambanda.

1205 Vestland Arbeidarparti vil forbetre ordninga med ferjeavløysings- og
1206 ferjeinnkortingsmidlar. Dagens ordning har blitt gradvis forbetra, men påfører framleis
1207 fylkeskommunen stor gjeldsbelastning og ikkje minst all risiko ved overskrindingar.

1208 Det er også slik at det er rekrutteringsvanskar i den maritime bransjen, dermed vert
1209 mannskapsmangel på ferjene eit problem på sikt, som igjen vil kunne påverke tilbodet
1210 negativt. Med ein nedgang i talet på sjøfolk og ferjemannskap, må det leggjast ein plan
1211 for korleis ein skal møte denne utfordringa. Satsing på ferjeavløysingsprosjekt, der dett
1212 er mogleg, må difor kunne prioriterast høgare ved å auke dei statlege tilskota til slike
1213 prosjekt.

1214 **Nasjonal transportplan**

1215 I 2024 la regjeringa fram forslag til Nasjonal transportplan 2025-2036. Til skilnad frå
1216 Høgre-regjeringa, leverte regjeringa vår ein investeringsplan for samferdsleområdet som
1217 er truverdig og realiserbar. Alle prosjekta som ligg inne i tolvårsperioden er finansierte og
1218 kan gjennomførast i perioden. Omfanget av investeringar er betydeleg og ambisiøst.

1219 Dette skulle føre til ein meir realistisk transportplan, og sikre framdrift og gjennomføring
1220 av prioriterte prosjekt. Dessverre braut SV forhandlingane med Ap og Sp, og behandlinga
1221 av NTP i Stortinget enda som kjent med eit anna, og uansvarleg, fleirtal.
1222 Opposisjonspartia gjekk saman om legge til ei rekke prosjekt utan finansiering, og har
1223 slik skapt ny uvisse for folk og næringsliv.

1224 Vestland Ap viser til uttalen til NTP frå representantskapet i Vestland Ap 4.5.24, som ligg
1225 fast. Stortingsbehandlinga inneber at gjennomføringa av NTP avheng av at
1226 Arbeidarpartiet budsjett for budsjett søker fleirtal for ein raudgrøn samferdselspolitikk
1227 som kan vidareførast i neste periode, som svarer på vår tids utfordringar og kan stå seg
1228 over tid.

1229 For Vestland Arbeidarparti er det overordna viktig å sikre ein ansvarleg og
1230 sosialdemokratisk samferdselspolitikk på kort og lang sikt. Då må det vere finansiering,
1231 forutsigbarhet og framdrift slik at store og små prosjekt faktisk kan gjennomførast, og vi
1232 kan gå vidare til neste.

1233 Vestland Arbeidarparti legg regjeringa sin NTP til grunn, og vil jobbe for:

- 1234 • At prosjekt som ligg inne i NTP, blir finansierte slik at ein får raskast mogleg
1235 framdrift.
- 1236 • At nye viktige prosjekt i Vestland kjem med ved neste rullering av NTP.
- 1237 • Løyvingane til skredsikring av fylkesveg må doblast.
- 1238 • Det vert innført FOT-ruter også på strekninga Florø-Bergen
- 1239 • Legge til rette for at utbygging av bybanen til Åsane kan halde fram, til dømes i
1240 tråd med forslag til løysing frå Vestland fylkeskommune.
- 1241 • Arbeidet med K5 må halde høgt tempo, og bompengeproposisjon for prosjektet
1242 må leggjast fram for Stortinget så snart som mogleg.
- 1243 • Prosjektet Vågsbotn-Klauvaneset sikrast oppstart så snart reguleringsplan er
1244 ferdig vedteken.
- 1245 • Oppgradering av Fløyfjellstunnelen sikrast uavhengig av progresjon i utbygging av
1246 bybanen.
- 1247 • Sikre ein opprusta og ferjefri E39 med gode koplingar til andre område i fylket.
- 1248 • Det vert innført ei kompensasjonsordning, der fylkeskommunane vert
1249 kompensert for meirkostnader knytt til krav om null- og lav-utslepp for
1250 sjøtransport.
- 1251 • Overføre strekninga Vinje-Sogndal på Rv. 13 frå Nye Vegar til Statens vegvesen.
- 1252 • Sikra ein vintersikker E-134 (Seljestad-Røldal-Våglid), samt forbetra veg Bakka-
1253 Solheim og stegvis utbetring av "arm til Bergen
- 1254 • Det er viktig at Arbeidarpartiet på Stortinget søker fleirtal for en raudgrøn
1255 samferdselspolitikk som kan vidareføres i neste periode, som svarer på vår tids
1256 utfordringar og kan stå seg over tid.

1257 **Jernbane**

1258 Vestland Arbeidarparti vil satse på jernbanen, flytte meir gods frå veg til bane og bygge ut
1259 ein framtidsretta og konkurransedyktig Bergensbane. Tog skal vere eit realistisk
1260 alternativ som transportmiddel, både gjennom akseptable prisar og gjennom sikker og
1261 føreseieleg framkomst. Regjeringa sitt arbeid med å stanse konkurranseutsetting og
1262 oppstykking av jernbanesektoren, må difor halde fram og styrkast, og jernbanetilbodet
1263 må samlast i ein integrert modell med utgangspunkt i modellen til Norsk
1264 Jernbaneforbund.

1265 Det må også satsast på Entur. Dette er eit statleg eigd billettselskap, som i si tid vart skilt
1266 ut frå NSB. Entur må få mandat til å lage løysingar også for tredjepartar, slik at alle
1267 kollektivaktørar på sikt kan bruke Entur. Dette vil vere effektivt og tenleg for alle
1268 kollektivbrukarar.

1269 **Framtidas posttenester**

1270 Det regjeringsoppnemnde Postutvalet tilrår at vi ikkje lenger skal få post levert heim i
1271 postkassa. Hovudregelen skal vere at postmottakaren sjølv må hente posten på eit
1272 såkalla «hentepunkt». Vestland Arbeidarparti er bekymra for at dette særleg vil råke
1273 sårbare grupper, som til dømes eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og
1274 menneske som manglar digital kompetanse, og at desse vil kunne misse viktig
1275 informasjon. Blir forslaget gjennomført vil dette bety slutten på den grønne postkassa.
1276 Berre dei som bestiller «teneste heim» vil få postlevering.

1277 Vestland Arbeidarparti meiner det framleis må vere mogleg å få post levert heim i
1278 postkassa. Vi har forståing for at Posten må omstille verksemda og endre
1279 tenestetilbodet grunna fallande postvolum og endra kundebehov, men meiner at
1280 framlegget frå Postutvalet vil råke einskildpersonar på ein uheldig måte.

1281 Vestland Arbeidarparti forstår at Posten må omstille verksemda og endre
1282 tenestetilbodet grunna fallande postvolum og endra kundebehov. Vi støttar ei omlegging
1283 frå postlevering annakvar dag til ein dag i veka. Dette vil spare fellesskapet for store
1284 kostnader, samtidig som alle blir sikra heimlevering av post. Dersom nokon har behov
1285 for meir tilgang til posttenester, kan hentepunkt bli valgt som supplement til
1286 heimlevering.

1287 Postutvalet si tilråding vil avvike det einaste landsdekkande fysiske distribusjonsnett
1288 vi har i Norge. Dette er eit grunnleggjande og irreversibelt val som også vil svekke
1289 nasjonen si beredskapsevne.

1290 Posten og KS samarbeider om å utvikle ei ny teneste - Dørterskeltenesta - som skal gje
1291 større tryggleik for definerte målgrupper som eldre, menneske med nedsett
1292 funksjonsevne og menneske med lav digital kompetanse. Målet er å aktivisere desse
1293 målgruppene, og sikre at alle har reell tilgang til likeverdige tenester og viktig
1294 informasjon. Det er ikkje realisme i at dette eventuelt kan bli innført seinare. Når
1295 postnettverket først er lagt ned, vil det ikkje vere praktisk eller økonomisk mogeleg å
1296 bygge dette opp igjen.

1297 **NYE KULEPUNKTER SETTES INN HER**

1298

1299 **U16 - Skatt og avgift**

1300 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 115, 138, 206, 208, 209, 210, 211, 212, 214

1301 **Skattesystemet**

1302 Skattesystemet må utformast slik at fordeling og konsekvens av skattebyrda vert
1303 oppfatta som rettvís og føreseieleg. Dersom skattesystemet vårt skal oppretthalde høg
1304 grad av tillit blant folk og næringsliv, er det avgjerande med opne, føreseielege prosessar
1305 ved eventuelle endringar og/eller innføring av nye skattereglar.

1306 Vestland Arbeidarparti meiner det må gjerast ein heilskapleg gjennomgang av
1307 skattesystemet i Noreg. Arbeidet bør ta utgangspunkt i NOU 2022:20 (Et helhetlig
1308 skattesystem) og ha mål om eit breitt fleirpolitisk skatteforlik i Stortinget.
1309 Arbeidarpartiets skatteløfte slår fast at det samla skattenivået skal vera det same både
1310 for privatpersonar og for norske bedrifter. Dette sikrar stabilitet for folk og gir føreseielege
1311 investeringsvilkår for næringslivet. Ved gjennomgang og evt. inngåing av eit breitt
1312 skatteforlik, er det viktig at ein finn fram til løysingar som styrkar dei med låg inntekt
1313 gjennom redusert inntektsskatt og samstundes skjermar utsette grupper for utilsikta
1314 konsekvensar av for eksempel formuesskatt. Sjølv om det samla skattenivået skal vera
1315 uendra, kan det ved gjennomføring av omfordelende skattepolitiske grep, vera naudsynt
1316 med kompenserande tiltak og skattar innom andre delar av skattesystemet, for å
1317 finansierte omfordelinga.

1318 I eit arbeid med gjennomføring av eit breitt forlik vil Vestland Arbeidarparti arbeida for
1319 følgjande prioriteringar:

- 1320 • **Inntektsskatt**
- 1321 ○ Redusert inntektsskatt for folk med lave inntekter
- 1322 • **Formueskatt**
- 1323 ○ Auka botnfrådrag for å skjerma pensjonistar og eigarar av oppstarts- og
1324 småbedrifter
- 1325 ○ Redusert aksjerabatt
- 1326 • **Arveavgift**
- 1327 ○ Innføring av arveavgift med eit høgt botnfrådrag (10 millionar kr. pr.
1328 arving).
- 1329 ○ Ei eventuell arveavgift må vere progressivt utforma

1330 *Dissens (Norberg, Sandvik, Torvanger, Karlsen, Støyva): Arveavgift skal ikkje*
1331 *innførast i løpet av neste stortingsperiode.*

- 1332 • **Korttidsutleige**
- 1333 ○ Strengare skattereglar ved korttidsutleige av sekundær og tertiærbustad

1334 **Skatt, avgift og frådrag**

1335 Skatte og avgiftspolitikken er eit av dei viktigaste verkemidla for å styra
1336 samfunnsutviklinga i landet vårt. Det er difor viktig at skatte og avgiftspolitikken er
1337 sosialt utjamnande og samstundes gjev tydelege insentiv og retningslinjer for korleis ein
1338 ønskjer at framtidens Noreg skal sjå ut.

1339 Vestland Arbeidarparti vil utover arbeid med skattesystemet som heilskap, arbeida for
1340 følgjande tiltak innan skatte - og avgiftspolitik:

- 1341 • Utjamning av forskjellar
 - 1342 ○ Auke frikortgrensa til 130 000kr
 - 1343 ○ Fjerne MVA på VA.
 - 1344 ○ Fjerne MVA på nettleige
 - 1345 ○ Auke skattefrådrag for fagforeiningskontingent
- 1346 • Besøksbidrag:
 - 1347 ○ Det vert opna for at kommunar kan innføre besøksbidrag
 - 1348 ○ Besøksbidragsordninga skal utformast på ein måte der cruiseturistar og
 - 1349 dagbesøkande vert inkludert i ordninga
 - 1350 ○ Besøksbidragsordninga vert utforma mest mogleg fleksibelt, der
 - 1351 kommunane får høve til å gjera lokale tilpassingar, til dømes
 - 1352 sesongvariasjon i innkreving, differensiering av satsar for å fremje ønska
 - 1353 næringsutvikling eller liknande.
 - 1354 ○ Støtte utprøving av dynamisk betaling av besøksbidrag for særskilt belasta
 - 1355 turistområde.
- 1356 • Inntektssystemet for kommunane:
 - 1357 ○ Evaluering av vedtekne endringar i inntektssystemet for kommunane
 - 1358 ○ Opna for rentefrie lån til kommunane for investeringar innom VA for å
 - 1359 tilfredsstilla nasjonale føringar
- 1360 • Netthandel:
 - 1361 ○ VOEC ordninga skal strammast inn for å motvirke tollfritak hos
 - 1362 nettbutikkar som Temu, Shein, Wish med fleire.
 - 1363 ○ Utforska løysingar som sikrar at internasjonal netthandel ikkje får
 - 1364 urettmessige fordelar i forhold til norske butikkar

1365 • KULEPUNKT FLYTTES NED HIT

1366
1367

1368 **U17 - Skulepolitikk, høgare utdanning og forskning**

1369 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 74, 78, 79, 80, 83, 84, 85, 213, 216, 217, 219, 220, 221

1370 **Ein meir praktisk skule for alle**

1371 Vestland Ap sitt mål er å utvikle fellesskulen og sørge for at alle uavhengig av bakgrunn,
1372 interesser og evner får være ein del av eit sterkt læringsfellesskap der alle møtast, lærar
1373 saman og får moglegheita til å lukkast. Vi meiner at ein praktisk og meir variert
1374 skulekvardag aukar læring og kunnskap for alle elevar. Vestland Ap ønskjer difor ein
1375 skule som i større grad prioriterar praktiske fag, både i fagsamansetning,
1376 vurderingsformer og eksamensordningar.

1377 Dei siste åra sine erfaringar, spesielt med avlysing av eksamen under pandemien og
1378 utfordringane knytt til lærarstreikar, understrekar behovet for å revurdere
1379 vurderingspraksisen. Det tradisjonelle eksamenssystemet møter ikkje lenger dagens
1380 utdanningsbehov og reflekterer ikkje nødvendigvis elevens reelle kompetanse. Det er på
1381 tide å innføre meir rettferdige og effektive vurderingsformer.

1382 Det er ei stor samfunnsutfordring at så mange unge fell ut av utdanningsløpa og ikkje
1383 kjem seg inn i arbeidslivet. Det er mange grunnar til at ungdom slit i utdannings- og
1384 arbeidslivet, og mange tiltak trengs for at fleire skal lukkast. Eit viktig tiltak er å sikre at
1385 ikkje måten opplæringstilbodet er utforma på i seg sjølv bidreg til utanforskap.

1386 Etter anbefalinger fra statlige myndigheiter, innfører stadig fleire skular mobilforbod. Vi
1387 ser flere eksemplar på at skular som fjerner mobiltelefonen har mindre mobbing og eit
1388 generelt betre skulemiljø. I dag er det opp til den enkelte skule korleis desse
1389 restriksjonane skal sjå ut, noko som førar til store variasjonar fra skule til skule. Vestland
1390 Arbeidarparti meiner at det er tydelig at mobilfrie skular har hatt en positiv effekt, og at
1391 det bør etablerast eit felles regelverk som gjelder for alle grunnskular og vidaregåande
1392 skular.

1393 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1394 • Erstatte dagens trekkordning i 10. trinn og på vg3 med ei ordning der du kan velge
- 1395 skriftleg eksamen sjølv.
- 1396 • Fjerne ordninga der 20% av elevene i VG1 vert trekt opp til eksamen.
- 1397 • At bruk av tradisjonelle eksamenar på vidaregåande reduseres og erstattes med
- 1398 meir tilpassa vurderingsmetodar som betre reflekterer elevane sine kunnskaper
- 1399 og ferdigheiter, og som er meir tilpassa eksamen på høgare utdanning.
- 1400 • Innføre praktisk og muntleg praktisk eksamen i faga på ungdomsskulen, der dette
- 1401 er mogleg.
- 1402 • Fjerne eksamen som en sjølvstendig karakter på ungdomsskulen og endre til at
- 1403 det er gjennomsnittet av eksamen og standpunktkarakteren i faget som står på
- 1404 vitnemålet.
- 1405 • At eksamen på vidaregåande ikkje fungerer som en sjølvstendig karakter, men
- 1406 heller som eit korrektiv til standpunkt, der gjennomsnittet av standpunkt- og
- 1407 eksamenskarakteren tel på vitnemålet.

- 1408 • At det må utarbeidast fleire alternative undervsiningstiltak for unge som ikkje
- 1409 meistarar den tradisjonelle skulekvardagen.
- 1410 • Ha fleire praktiske fag og programfag som bygg og industrifag på ungdomsskolen
- 1411 og likestille timer i sløyd og kunst/handverk.
- 1412 • Innføre eit felles regelverk for mobilfri skule på alle grunnskular og vidaregåande
- 1413 skular i Norge. Regelverket må basere seg på innspel frå elevar og ansatte i
- 1414 skulen.

1415 Utdanning for framtida

1416 For Ap er lik rett til utdanning eit grunnleggjande mål. Høgare utdanning gir friheit, innsikt
 1417 og kvalifiserar for arbeid. Utdanning er ein viktig nøkkel til å bekjempe fattigdom, fremme
 1418 likestilling og sikre berekraftig utvikling. Tilgang til kvalitetsutdanning er avgjerande for å
 1419 styrke moglegheitene for den enkelte og for å bygge stabile, likestilte og fredelige
 1420 samfunn.

1421 Særleg i profesjonsutdanningene er praksis ei viktig brikke for at utdanningen skal bli så
 1422 profesjonsnær som mogleg. Derimot ser man at pressa økonomi i universitets- og
 1423 høgskulesektoren gjer praksistilbodet dårligare enn før. Campusdager kan være viktige
 1424 tilskot til den ordinære undervisningen i utdanningene, men dette må være supplement
 1425 til praksis og ikkje ein erstatning. Spesielt gjøres dette aktuelt i utdanningene som har
 1426 lovfestet antall dager praksis, hvor praksis kun må tolkes som dager på arbeidsplass
 1427 med veiledning fra en praksisveileder. Gjennom å styrke UH-økonomien, og i tillegg
 1428 lovfeste kva som skal telle som praksis, kan praksis igjen bli den viktige delen av
 1429 utdanninga som det skal være.

1430 Vestland Ap vil:

- 1431 • at Norge tek ansvar for å bidra til utdanning på tvers av landegrenser.
- 1432 • at Norge forpliktar seg til å auke investeringane i global utdanning som ein del av
- 1433 vår internasjonale utviklingspolitikk.
- 1434 • arbeide for at minst 15% av norsk bistand skal gå til utdanningsformål innan 2030
- 1435 og prioritere støtte til grunnutdanning i lavinntektsland, med særleg fokus på
- 1436 jenter og marginaliserte grupper.
- 1437 • auke samarbeidet med internasjonale organisasjonar som UNESCO og UNICEF
- 1438 for å fremme utdanningsprosjekter og støtte initiativer som fremmar digital læring
- 1439 og tilgang til teknologi i utviklingsland.
- 1440 • Arbeide for å eliminere kjønnsforskjeller i utdanning ved å støtte program som
- 1441 sikrar at jenter har like moglegheiter til å fullføre skulegangen.
- 1442 • Fremme utdanning som inkluderar bærekraftig utvikling og miljøbevissthet.
- 1443 • Lovfeste at kun dager på arbeidsplass med veiledning fra praksisveileder skal
- 1444 telle som praksis
- 1445 • At temaseminarer/campusdager blir eit supplement til praksis
- 1446 • Arbeide for å styrke UH-økonomien med særleg fokus på praksis
- 1447 • At praksis i størst mogleg grad skal være i fornuftig reiseavstand fra studiestad
- 1448 • At refusjon for relevante utgifter relatert til praksis vert betalt ut før praksis

1449 Styrk forskinga og tillit til forskingsinstitusjonane

1450 Vestland Ap meiner forskning er avgjerande for å møte samfunnet sine utfordringar
1451 framover, og vil mobilisere til meir forskning ved universitet, høgskular, i næringslivet, i
1452 helseforetaka og i forskingsinstitutta. Fri og uavhengig forskning av avgjerande for
1453 legitimitet og tillit i eit samfunn prega av aukande polarisering. Forskning og vitenskap
1454 må ligge til grunn når ein tek politiske beslutningar, men politisk styring må ikkje hindre
1455 ny kunnskap eller utviklingen av eksisterende kunnskap.

1456 Detaljstyring og målrapportering tar verdifull tid fra utdanning og forskning. Vestland Ap
1457 ønskjer ein meir overordna og langsiktig styring av sektoren og vise meir tillit til fagmiljøa.
1458 Tillit til institusjonene, gradene, kandidatane og forskninga kvilar på at det er reell og
1459 åpen kvalitetssikring helt ned på nivå med enkeltksamener. Dette er også med på å
1460 sikre kandidatenes rettssikkerhet. For å sikre vitenskap, kvalitet og akademisk friheit må
1461 dei store breddeuniversitetene sikrast frie midlar.

1462 Vestland Ap vil:

- 1463 • Arbeidarpartiet ønsker å styrke forskinga og den akademiske friheten til de
1464 **veletablerte** universitetene som har stor faglig bredde fordelt på mange fakultet.
1465 Dette er viktig for å sikre kvalitet og intellektuell beredskap.
- 1466 • De akademiske kontrollmekanismene i form av muntlige eksamener, eksterne
1467 sensorer, offentlige disputaser og åpen debatt på tvers av fagmiljøer må ikke bli
1468 ofret for å spare penger.
- 1469 • Sikre at skattefunnsordningen må strammes inn og krav til forskning, og krav om
1470 involvering av forskningsinstitusjoner må stilles.

1471 **Ein meir rettferdig studiekvardag for alle**

1472 Arbeidarpartiet har alltid vore ein forkjempar for lik rett til utdanning. Innføringa av
1473 Statens Lånekasse gjorde det mogleg for alle å ta utdanning, uavhengig av økonomisk
1474 bakgrunn. Men i dag ser me at denne retten blir uthola av høge buutgifter, låg
1475 studiestøtte og eit krevjande leigemarknad. Mange studentar må ta deltidsjobb for å
1476 klare seg økonomisk, noko som går utover studia og forsterkar skilnadene i samfunnet.
1477 Samtidig står bygg- og anleggsbransjen i ein krevjande situasjon, der nybyggmarknaden
1478 har stagnert. I denne situasjonen bør staten ta eit aktivt ansvar og satse på bygging av
1479 fleire studentbustader. Dette vil både lette den økonomiske situasjonen for studentane
1480 og bidra til å sikre arbeidsplassar i byggjenæringa.

1481 Prisveksten dei siste åra har gjort det vanskelegare å leve på studiestøtta frå
1482 Lånekassen. Ifølgje Norsk Studentorganisasjon (NSO) går ein gjennomsnittleg student i
1483 minus kvar månad. Når ein stor del av støtta går til husleige, ser me at stadig fleire
1484 studentar må prioritere jobb framfor studiar. Dette er ein situasjon me ikkje kan
1485 akseptera. Arbeidarpartiet har alt slått fast at studiestøtta skal knytast til grunnbeløpet i
1486 folketrygda (G). No er det tid for å ta neste steg og sikre at studentane faktisk kan vera
1487 heiltidsstudentar.

1488 For elevar i vidaregåande opplæring er det også store utfordringar knytt til bustad.
1489 Dagens ordningar sikrar ikkje naudsynt at elevar med lang reiseveg får forsvarlege
1490 bustadtilbod. Det vurderast å utarbeida ei sentral forskrift som presiserer både reisetid,
1491 bustadstandard og økonomiske vilkår, slik at ingen elevar fell utanfor.

1492 I tillegg ser me at stipenda i vidaregåande opplæring ikkje dekkjer dei faktiske utgiftene
1493 for elevane. Arbeidarpartiet meiner at alle elevar skal ha like moglegheiter til å
1494 gjennomføre skulegangen sin, utan økonomiske hinder. Difor må grunnstipendet aukast,
1495 slik at det faktisk reflekterer kostnadene ved ulike studieløp.

1496 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1497 • Bygge fleire studentbustader for å sikre rimelege og tilgjengelege bualternativ for
- 1498 studentar.
- 1499 • Regulere korttidsleigemarknaden (som Airbnb) for å betre leigemarknaden for
- 1500 studentar og låginntektsgrupper.
- 1501 • Feste studiestøtta til 1,5 G i folketrygda i første omgang, med eit langsiktig mål
- 1502 om 2 G.
- 1503 • Auke stipendandelen til 60 % av studiestøtta.
- 1504 • Innføre ei sentral forskrift om maksimal reisetid og bustadstandard for elevar i
- 1505 vidaregåande skule, samt sikre at kostnaden ikkje overstig bortebruarstipendet.
- 1506 • Auke grunnstipendet for elevar i vidaregåande opplæring, slik at det faktisk
- 1507 dekkjer nødvendige utgifter.

1508 • **NYTT KULEPUNKT**

1509
1510

1511 **U18 – Vald i nære relasjonar**

1512 Ivaretek heilt eller delvis forslag: 68, 69

1513 Vald i nære relasjonar råkar altfor mange kvinner i Noreg. Å verta utsett for vald i nær
1514 relasjon pregar alle sider ved livet til offeret - helsa, arbeidsevna, økonomien,
1515 moglegheita til å byggja relasjonar til barn og andre. Erfaringar frå feltet viser at
1516 kompetansen til å hjelpa kvinnene er varierende i ulike offentlege instansar. Om mangel
1517 på kunnskap og at systema ikkje snakkar saman gjer kvinnene til kasteballar i systemet,
1518 råkar det også borna deira.

1519 Kvinner i aktiv rus er ekstra utsett, både fordi dei ofte står utanfor helsesystemet og
1520 risikerer å verta utestengt frå ulike hjelpetiltak mot vald. Gruppa må møtast med
1521 spesialiserte tiltak der rusomsorg kombinert med vern mot overgrep og vald gjev høve til
1522 eit verdig liv. Ingen skal stå åleine når valden råkar. Ingen skal stå utan krisesentertilbod,
1523 og alle skal få naudsynt hjelp på legevakt. Arbeidarpartiet skal arbeida målretta for å
1524 styrkja hjelpetilboda, forbetra lovverket og heva kompetansen i alle ledd.

1525 Arbeidarpartiet ynskjer å byggja eit trygt samfunn der ofre for vald og overgrep får rask og
1526 heilskapleg hjelp, der førebygging av vald og ettervern står sentralt. Vestland
1527 Arbeidarparti krev sterkare tiltak no og at regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og
1528 overgrep vert følgt opp.

1529 Vestland Arbeidarparti vil:

- 1530 • syta for betre koordinerte tenester, akutt - og ettervernstiltak,
- 1531 • utgreie spesialiserte tiltak som kombinerer rusomsorg og støtte til kvinner utsett
1532 for vald,
- 1533 • auka bruken av omvendt valdsalarm,
- 1534 • utgreie eit nasjonalt pakkeforløp med koordinator for ofra for vald,
- 1535 • sikra tilstrekkeleg kapasitet i politidistrikta og ved barnehusa,
- 1536 • påleggja alle kommunar å utarbeida handlingsplanar mot vald i nære relasjonar,
- 1537 • styrka kunnskapet om vald og overgrep blant alle som arbeider med barn i
1538 barnehage, skule, helsestasjon, legevakt og på andre arena.
- 1539 • heva kunnskapen om avverjingsplikta,
- 1540 • syta for sterke kompetansemiljø på æresvald og sosial kontroll i politidistrikta, i
1541 tett samarbeid med barnevern og skular
- 1542 • styrkja tilsette - og foreldrekompetansen på grensesetting gjennom undervising i
1543 barnehagar, grunn og vidaregåande skular,
- 1544 • styrkja krisesentertilbodet og -tilsynet, og greia ut behovet for overgangsbustader
1545 til valdsutsette etter opphald på krisesenter.
- 1546 • vurderer lemping på teiepliktregelverket for deling av informasjon på tvers mellom
1547 etatane.
- 1548 • styrkja bistandsadvokatordninga for denne gruppa
- 1549 • vurdere revisjon av krisesenterlova og sexkjøpslova for å syte for at lovverket
1550 effektivt verjar dei mest sårbare kvinnene,
- 1551 • evaluere ny valdsoffererstatningslov. Sakshandsamingstida er framleis for lang og
1552 det har svekt ofra si rettsstilling at retten til advokatbistand for erstatningskravet
1553 er fjerna.

1554 **Generelle forslag**

1555 **Forslag 12**

1556 Skal vi sikre fremtidens velferd må vi ha et arbeidsliv som inkluderer flere og som sikrer
1557 folk trygge, forutsigbare arbeidsplasser. Arbeiderpartiet vil aldri godta uthuling av
1558 arbeidsfolk sine rettigheter. Vi mener at en tydelig arbeidsmiljølov, høy
1559 organisasjonsgrad og et konstruktivt partssamarbeid er de viktigste suksesskriteriene for
1560 fremtidens arbeidsliv. Nye måter å organisere virksomheter på, for eksempel
1561 plattformsselskaper som Wolt og Foodora, digitalisering av arbeidshverdagen, løsninger
1562 for hjemmekontor, teknologiske trender og demografisk utvikling er alle eksempler på
1563 utviklingstrekk som vil prege hverdagen til norske arbeidstakere i årene fremover. De
1564 nevnte utviklingstrekkene gir enorme muligheter, men det krever også at vi er årvåke for
1565 nye utfordringer og aktører som utfordrer den norske modellen.

1566 Vestland Arbeiderparti:

- 1567 • Vil arbeide for at det blir mer forutsigbarhet for arbeid, spesielt der behovet er
1568 størst som for eksempel vikarer eller midlertidige ansatte.
- 1569 • Mener arbeidsmiljølovens strenge krav til arbeidsavtaler må følges, men at det er
1570 et behov i dagens samfunn for at det utarbeides digitale løsninger med rette
1571 formkrav.
- 1572 • Vil sikre at ny teknologi og ansettelsesformer ikke blir et hinder for et trygt og
1573 inkluderende arbeidsliv.
- 1574 • Vil styrke Arbeidstilsynet for økt tilsyn og arbeide for mer digitalisering av tilsynet.

1575

1576 **Forslag 44**

1577 Vi har i dag et presset strømmnett i Vestland. For å møte fremtidens kraftbehov må vi legge
1578 bedre til rette for lokal produksjon av fornybar energi og utnytte eksisterende nett og
1579 fjernvarmenett bedre enn vi gjør i dag.

1580 Vestland Arbeiderparti vil:

- 1581 • Legge til rette for økt industriell symbiose ved bruk av overskuddsenergi og
1582 fjernvarme.
- 1583 • Stille strengere krav til utnyttelse av overskuddsenergi og fjernvarme i KPA.
- 1584 • Revidere energimerkeordningen slik at eksisterende fjernvarmenett har høyere
1585 vektingsfaktor enn grunnvarme.
- 1586 • Endre TEK-forskriften til at bygg over 1000 kvm skal ha høyere energifleksibilitet
1587 enn i dag.

1588

1589 **Forslag 56**

1590 Fosterforeldre har den daglege omsorga for barn i fosterheim på vegne av
1591 barnevernstenesta. Det inkluderer å sørge for at barnet får nødvendig helsehjelp, men
1592 per i dag har ikkje fosterforeldre tilgang til opplysningar om barnet på HelseNorge. Det
1593 gir store utfordringar blant anna i å ha ei tilfredsstillande oversikt over timeinnkallingar,
1594 reseptar, vaksiner og pasientjournal etc. i tillegg til enkel kommunikasjon med
1595 helsetenesta. Tilgangsstyring til Helsenorge baserast på kven som er registrert med
1596 foreldreansvar i folkeregisteret. I tillegg kreves at ein av foreldra må ha same
1597 bustadsadresse som barnet for at foreldra skal ha tilgang. Er barnet flytta får ikkje
1598 foreldra tilgang, ei heller ikkje fosterforeldra. Dei må be om innsyn i helseopplysningar
1599 manuelt med fullmakt frå det lokale barnevern.

1600 Vestland Arbeiderparti meiner at:

- 1601 • Det må utredas alternative løysingar for digital tilgang til HelseNorge for
1602 fosterforeldre

1603

1604 **Forslag 81**

1605 De siste 25 årene har palliasjon – lindrende behandling – vært anerkjent som et
1606 medisinsk spesialområde i Norge. Hovedmålsettingen er å lindre smerter og andre
1607 plagsomme symptomer hos pasienter som lever med alvorlig sykdom, og støtte
1608 pasienter og pårørende slik at de kan oppleve best mulig livskvalitet. Palliasjon er
1609 teamarbeid, men legens kompetanse i palliativ medisin spiller en nøkkelrolle i
1610 symptomlindring og håndtering av komplikasjoner, og for å unngå meningsløs
1611 overbehandling. Spesialister i palliativ medisin er de som driver faget fremover gjennom
1612 god organisering, forskning og praksis. Siden 2011 har Norge hatt en formalisert
1613 utdanning for leger i palliativ medisin gjennom et nordisk samarbeid. Dette opplegget er
1614 nå videreført som nasjonale utdanninger i våre naboland. Nå fremkommer det av
1615 tildelingsbrev av 19. september 2024 fra Helseog omsorgsdepartementet til
1616 Helsedirektoratet at arbeidet med å etablere en legespesialitet i palliasjon i Norge er stilt
1617 i bero.

1618 Forskning viser at kompetanse på spesialistnivå kombinert med god organisering innen
1619 palliasjon er kostnadseffektivt både i sykehus og kommuner. Derfor må palliativ medisin
1620 med både bredde- og spisskompetanse videreutvikles, også i Norge. En formalisering av
1621 utdanningen er helt nødvendig for rekruttering og kvalitetssikring og for å beholde og
1622 videreutvikle tilbudet som er bygget opp.

1623

1624 **Forslag 99 - Usikkerhet rundt skipsfart**

1625 Den geopolitiske situasjonen fører til økt usikkerhet for skipsfarten. Det inngås nye
1626 allianser og det er spesielt uklart hvordan USA og Kina vil posisjonere seg.

1627 Vestland Arbeiderparti meiner at:

- 1628 • Fiskeri- og havministeren må ha tett dialog med skipsfartsnæringen slik at norske
1629 myndigheter har mulighet til rask oppfølging.

1630

1631 **Forslag 205**

1632 Staten må etablere gode incentivordninger for at transportsektoren både til lands og til
1633 sjøs skal sjå seg i stand til å velja miljøvenlege energiformer.